Det kan være fornuftig at kommunen eller fylkeskommunen som selvskyldnergarantist også etablerer en *regressavtale* med låntager, for å regulere gjensidige rettigheter og forpliktelser mellom partene. Aktuelle emner er låntagers informasjonsplikt i det daglige, låntagers muligheter til å selge hele/deler av virksomheten eller anleggsmidler eller foreta debitorskifte (bør godkjennes skriftlig av garantisten), låntagers varsling til garantist ved mislighold, garantistens rettigheter/krav til låntager ved mislighold, for å nevne noen. Forhold omkring eventuelt pant i fast eiendom vil være naturlig å regulere i regressavtalen.

Kommunalbanken opplever at det som oftest ikke etableres regressavtale, og anbefaler dette. Vi gjør oppmerksom på at Kommunalbanken som långiver ikke vil være part i en regressavtale, og at denne må arrangeres mellom garantisten og låntager separat.

Det er bare å ta kontakt om noe er uklart eller dere har andre spørsmål.

Vi imøteser å høre fra dere.

Med vennlig hilsen

MARIT URMO HARSTAD

Kunde- og markedsansvarlig

muh@kommunalbanken.no

Telefon + 47 21 50 20 57

Mobil + 47 982 47 057

KOMMUNALBANKEN AS

Haakon VII's gate 5b

Postboks 1210, Vika

0110 Oslo

www.kommunalbanken.no

Ta miljøhensyn - vurder om du virkelig må skrive ut denne e-posten

Denne e-posten med dokumenter og filer kan inneholde konfidensielt materiale. E-posten er utelukkende til bruk av den personen som den er ment rettet til. Hvis denne e-posten er mottatt av andre personer enn den som er tilsiktet den, kontakt avsender og slett alle kopier.



Anlegg- og driftsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	JRV	Arkivsaknr:	2014/341
		Arkiv:	L80

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
4/15	Plan og byggenemnd	26.01.2015
19/15	Formannskapet	03.02.2015
22/15	Kommunestyret	26.02.2015

PRIORITERING AV KOMMUNALE BYGGEPROSJEKT 2015 - ORIENTERING OG EVENTUELL OMDISPONERING AV MIDLAR

Møtebehandling:

KrF, Linn Therese H. Sævik kom med slik endring i siste linje i punkt 1:
ny barnehage i Myrvåg vert bytta ut med «ny barnehage i Indre Herøy»

Rådmannen si tilråding med slik endring i punkt 1 vart samrøystes vedteke.

Tilråding i Formannskapet - 03.02.2015

1. Avsette planleggingsmidlar til idrettshall Einedalen i budsjett 2015, 250 000 kroner, vert omdisponerte til planlegging av ny barnehage Indre Herøy.
2. Planleggingsmidlar til idrettshall Einedalen bør då leggest inn igjen i budsjett og økonomiplan same året eller året før det vert avsett midlar til bygging.
3. Saka vert elles teke til vitande.

Møtebehandling:

Anlegg- og driftsleiar Jon Rune Våge orienterte.

Samrøystes tilråding i Plan og byggenemnd - 26.01.2015

Plan- og byggenemnda tek saka til vitande og oversender den til formannskapet for slutthandsaming.

Tilråding frå rådmannen:

4. Avsette planleggingsmidlar til idrettshall Einedalen i budsjett 2015, 250 000 kroner, vert omdisponerte til planlegging av ny barnehage Myrvåg.
5. Planleggingsmidlar til idrettshall Einedalen bør då leggest inn igjen i budsjett og økonomiplan same året eller året før det vert avsett midlar til bygging.
6. Saka vert elles teke til vitande.

Særutskrift:

- Økonomiavdelinga, her
- Eigedomsavdelinga, her
- Anleggs- og driftsavdelinga, her
- Kulturavdelinga, her
- Barnehageavdelinga, her

Bakgrunn

Kommunestyret vedtok i K-sak 166/14, Budsjett 2015 og økonomiplan 2015-2018. I sluttfasen av budsjetthandsaminga vart fleire byggeprosjekt tekne heilt ut eller sette ut i tid. Dette gjaldt også fleire prosjekt som var oppstarta planmessig. Dette har medført at ein no og kanskje resten av året slit litt med å ha nok arbeidsoppgåver til prosjektleiarane på byggsida. Denne saka omhandlar m.a. korleis ein tenkjer å løyse dette.

Saksopplysningar

Følgjande byggeprosjekt prosjekt er pr. i dag under bygging:

TILTAK	TOTAL SUM	MERKNAD
Myrvåg omsorgssenter – ombygging av tak	5 900 000	Ferdig i 1. tert 2015
Havila Stadion Fosnavåg – tribune	2 750 000	Ferdig i 1. tert 2015
Toftestøvegen 11 – bustadar for unge funksjonshemma	15 610 000	Ferdig i 1. tert 2015

Følgjande byggeprosjekt er under planlegging:

TILTAK	TOTAL SUM	MERKNAD
Planleggingsmidlar - Omsorgsbustadar med heildøgns omsorgsfunksjon	350 000	Overført og ny løyving. Skal erstatte dagens institusjonsplassar ved GUL avdeling.
Planleggingsmidlar idrettshall, Einedalen	250 000	Ikkje avsett midlar til bygging i budsjett og øk.planperioden
Planleggingsmidlar Myrvåg brannstasjon	200 000	Avsett kr. 11,5 mill. i økonomiplanen for 2016.
Planleggingsmidlar. Samlokalisering av dagtilbod	500 000	Avsett kr. 10 mill. i økonomiplanen for 2016
Moltu skule. Ventilasjon og brannsikring	500 000	

Til følgjande byggeprosjekt er det avsett midlar til bygging i 2015 og 2016:

TILTAK	2015	2016	MERKNAD
Omsorgsbustadar med heildøgns omsorgsfunksjon	40 000 000		

Ny brannstasjon i Myrvåg		11 500 000	
Ny barnehage Myrvåg		20 000 000	
Samlokalisering dagtilbod		10 000 000	
Moltu skule. Ventilasjon og brannsikring		9 500 000	

Kommunal prosjektleiing BYGG

Anlegg- og driftsavdelinga har pr. 1.1.2015 tilsett tre prosjektleiarar bygg. Ein av desse går av med pensjon i løpet av 2015 slik at avdelinga frå og med 1.7.2015 har to prosjektleiarar.

Kommunestyrets budsjettvedtak inneber at prosjektleiarane på byggsida mangler arbeidsoppgåver. Dette gjeld særleg fram til 1.7.2015. Likeins er investeringsprosjekt vidare i økonomiplanperioden av så usikker karakter at ein må gjere mellombelse grep for å sikre arbeidsoppgåver i naudsynt omfang.

I drøftingar med eigedomsavdelinga er difor fylgjande tiltak overført til Anlegg- og driftsavdelinga for gjennomføring:

TILTAK	TOTAL SUM	MERKNAD
Riving av Eggesbøvegen 20	1 000 000	
Riving av av gamle Frøystad skule	800 000	Overført og ny løyving
Ombygging av Fristadbygget	250 000	
Planlegging – Herøy rådhus – offentlege pålegg	250 000	
Herøy kulturhus - ombygging	500 000	

Av nye større byggeprosjekt er det som det framgår ovanfor kun avsett midlar til bygging av omsorgsbustadar med heildøgns omsorgsfunksjon i 2015. Dvs. det er det einaste større byggeprosjektet som kan lysast ut på anbod i år.

Ny barnehage Myrvåg ikkje gitt planleggingsmidlar i 2015, men ligg inne med 20 mill. kroner til bygging i 2016. Til idrettshall Einedalen er det avsett 250.000 kroner til planlegging i 2015, men ikkje midlar til bygging i økonomiplanperioden.

Anleggs- og driftsavdelinga har andre arbeidsoppgåver der ein manglar kapasitet, men det er på anleggsprosjekt og teknisk drift innafor avdelinga sitt ansvarsområde. Dersom ein skulle nytte prosjektleiarane på bygg til desse oppgåvene vil det medføre ein periode med opplæring før ein får særleg effekt.

Vurderingar/konklusjon

Erfaringsmessig er det gunstigast å gjennomføre detaljplanlegging, utlysing på anbod og bygging i ein fortløpande prosess. Får ein særlege opphald mellom ein av desse fasane fører det gjerne til ny planlegging og utarbeiding av nye anbodspapir.

Med bakgrunn i dette kan det vere fornuftig å gjere visse omdisponeringar i vedteke budsjett.

Ein vurderer det som lite aktuelt å starte opplæring av prosjektleiarane på byggsida for å nytte dei på anleggsprosjekt og teknisk drift. Dette m.a. med bakgrunn i at det sannsynlegvis berre vil vere snakk om ein kortare periode før det igjen er stort behov for prosjektleiing av byggeprosjekt.

Med bakgrunn i ovanståande vil rådmannen føreslå at det i tillegg til tiltak som er avtalt overført frå Eigedomsavdelinga til Anleggs- og driftsavdelinga vert gjort følgjande vedtak

1. Avsette planleggingsmidlar til idrettshall Einedalen i budsjett 2015, 250 000 kroner, vert omdisponerte til planlegging av ny barnehage Myrvåg.
2. Planleggingsmidlar til idrettshall Einedalen bør då leggest inn igjen i budsjett og økonomiplan same året eller året før det vert avsett midlar til bygging.
3. Saka vert elles teken til vitande.

Med eit slikt vedtak ligg det meir til rette for at prosjektleiarane kan ha fornuftige arbeidsoppgåver i heile 2015.

Konsekvensar for folkehelse:

Ingen.

Konsekvensar for beredskap:

Ingen.

Konsekvensar for drift:

Ingen.

Konsekvensar for økonomi:

Ingen.

Fosnavåg, 19.01.2015

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jon Rune Våge
Avd.leiar

Sakshandsamar: Jon Rune Våge



Forslag til vedtale (endring)

- ① Avsette planleggingsmidlar til Idrettshall Einedalen i budsjett 2015, 250.000, vert omdisponert til planlegging av ny barnehage Indre Herøy.

Herøy KrF
WinnTherese Scovic





Fellessekretariatet

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	HS	Arkivsaknr:	2015/216
		Arkiv:	033

Utvallsaksnr	Utval	Møtedato
7/15	Valnemnd	17.02.2015
23/15	Kommunestyret	26.02.2015

VAL AV REPRESENTANT TIL GENERALFORSAMLINGA I TUSSA 24.04.2015

Møtebehandling:

H v/Ann Katrin (Tine) Storøy kom med framlegg på ordførar Arnulf Goksøyr som utsending til generalforsamlinga i Tussa Kraft AS 24.04.2015.

AP v/Per Kristian Furø kom med framlegg på Olaug Andreassen som utsending til generalforsamlinga i Tussa Kraft AS 24.04.2015.

Framlegget frå AP vart vedteke med 4 røyster (med leiaren si dobbeltrøyst) mot 3. Ole Brubakk (Krf), Karly I. Teige (Frp) og Ann-Katrin (Tine) Storøy (H) røysta for framlegget frå H.

Tilråding i Valnemnd - 17.02.2015

Olaug Andreassen vert vald som utsending frå Herøy kommune til generalforsamlinga i Tussa Kraft AS 24.04.2015.

Tilråding frå rådmannen:

Som Herøy kommune sin representant til generalforsamlinga i Tussa 24.04.2015 vert vald:

Særutskrift:
Den valde
Tussa Kraft AS

Vedlegg:

Saksopplysningar:

Vurdering og konklusjon:

Konsekvensar for folkehelse:

Konsekvensar for beredskap:

Konsekvensar for drift:

Konsekvensar for økonomi:

Fosnavåg, 09.02.2015

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Hilde Bringsvor Skinnes
Avd.leiar

Sakshandsamar: Hilde Bringsvor Skinnes



Fellessekretariatet

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	LME	Arkivsaknr:	2015/144
		Arkiv:	033

Utvaksaksnr	Utval	Møtedato
6/15	Valnemnd	17.02.2015
24/15	Kommunestyret	26.02.2015

VAL TIL STYRET I TUSSA KRAFT AS 2015 - 2017

Møtebehandling:

Høgre/Frp v/Karly I. Teige kom med framlegg på Hilde Marie Brungot som medlem og Dag Nærø som varamedlem.

Folkelista v/Bjarne Kvalsvik kom med framlegg på Bjarne Kvalsvik som medlem.

Venstre v/Henry Jøsokbakke kom med framlegg frå Per Kristian Furø som medlem og Bjarne Kvalsvik som varamedlem.

Folkelista trekte sitt framlegg.

Samrøystes tilråding i Valnemnd - 17.02.2015

Forslag til kandidatar til styret i Tussa Kraft AS for perioden 2015 – 2017:

Medlem:	Pers.varamedlem:
Hilde Marie Brungot	Dag Nærø
Per Kristian Furø	Bjarne Kvalsvik

Herøy kommunestyre fremjar 2 kandidatar til styret i Tussa Kraft AS. Dette for å ivareta breidde i kompetanse og kjønnsbalanse. Viser til aksjonæravtalen pkt. 5.

Tilråding frå rådmannen:

Til styret i Tussa Kraft AS for perioden 2015 – 2017, vert valde:

Medlem:

Pers.varamedlem:

Særutskrift:

Dei valde

Tussa Kraft AS, Langemyra 6, 6150 Ørsta

Vedlegg:

- 1 Val i Tussa Kraft AS - 2015
- 2 Vedtekter
- 3 Diverse vedlegg

Saksopplysninger:

Det skal holdast ordinær generalforsamling i Tussa Kraft AS den 25.04.2015.

Desse er på val i 2015:

Ørsta: Inger Sandvik Sundnes m/personleg vara Knut Olav Standal
Herøy: Hilde Marie Brungot m/personleg vara Dag Kåre Nærø
Volda: Sindre Rotevatn m/personleg vara Ingrid Opedal
KLP: Gunnar Gjørtz m/personleg vara Kirsten Grutle

Vurdering og konklusjon:

Konsekvensar for folkehelse:

Konsekvensar for beredskap:

Konsekvensar for drift:

Konsekvensar for økonomi:

Fosnavåg, 09.02.2015

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Hilde Bringsvor Skinnes
Avd.leiar


Sakshandsamar: Lisbeth Moltu Espeseth



TUSSA

Herøy kommune
Postboks 274
6099 Fosnavåg

Ordf.

 HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg.nr. 2015/144	Saksbeh.
27 JAN. 2015	
Ark.kode P	
Ark.kode S	
J.nr.	Dok.nr.
Kassasjon	

TUSSA KRAFT AS

Langemyra 6, 6150 Ørsta
Telefon: 70 04 62 00
Telefaks: 70 04 62 01
E-post: firmapost@tussa.no
Internett: www.tussa.no

Bankkonto: 6562 05 11573
NO 916 929 641 MVA

Dykkar ref.:

Vår ref.:
ED/KH

Sak/dok.nr
TK 14/00166-4

Arkivref.
011

Dato:
26.01.2015

Val i Tussa Kraft AS - 2015

Det skal heldast ordinær generalforsamling i Tussa Kraft AS den 24. april 2015 der val står på dagsorden.

Med dette vert aksjonærane orientert om det føreståande valet og oppmoda om å nominere styremedlemer i samsvar vedtektene § 8, instruksen for valnemnda og aksjonæravtalen punkt 5.

I aksjonæravtalen er det nedfelt følgjande om styresamansetjing:

«Styret bør setjast saman slik at det tek vare på aksjonærfellesskapen sine interesser og selskapet sitt behov for kompetanse, kapasitet og mangfald. Det må også takast omsyn til at styret skal fungere som eit kollegialt organ.»

I samsvar med instruksen for valnemnda hadde leiar i valnemnda og styreleiar møte den 22. januar der det føreståande valet vart drøfta.

Grunnlaget for drøftingane var kompetanseprofilen til noverande styre og styreevalueringa som vart gjennomført i desember 2014.

I drøftingane vart det konkludert med at dagens styre stettar kravet til mangfald og styret fungerer godt som kollegialt organ. Når det gjeld kompetanse, er det god kunnskap i det noverande styret.

Aksjonærane blir minna om at det ved nomineringa må leggjast vekt på at kandidatane har relevant røynsle frå liknande roller og at det for eventuelt nye kandidatar blir opplyst om kompetansen deira på same måte som kompetansen til det noverande styret er skildra. Vidare at aksjonærane også har i tankane at styret skal ha ein samansetnad som gir ein tilfredsstillande kjønnsbalanse.



TUSSA

Nedanfor følger oversikt over kven som er på val i 2014:

4 styremedlemer med personlege vara, valde for 2 år.

1. Ørsta: Inger Sandvik Sundnes m/personleg vara Knut Olav Standal
2. Herøy: Hilde Marie Brungot m/personleg vara Dag Kåre Nærø
3. Volda: Sindre Rotevatn m/personleg vara Ingrid Opedal
4. KLP: Gunnar Gjørtz m/personleg vara Kirsten Grutle

På vegner av valnemnda vert det bede om at aksjonærane innan fire veker før generalforsamlinga opplyser om kven de nominerer og om kompetansen til dei nominerte.

Lukke til med arbeidet!

Med vennleg helsing
TUSSA KRAFT AS

Elling Dybdal
adm.dir.

Kopi: Valnemnda

Vedlegg:

- Gjeldande vedtekter
- Gjeldande aksjonæravtale
- Gjeldande aksjefordeling
- Firmaattest med oversyn styremedlemer
- Oversyn kompetanse for aksjonærvalde styremedlemer
- Gjeldande instruks for valnemnda
- Adresseliste



TUSSA

Adresseliste

Aksjonærer:

Ørsta kommune, Dalevegen 6, 6153 Ørsta

Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg

Volda kommune, Stormyra 2, 6100 Volda

Kommunal Landspensjonskasse, Postboks 400 Sentrum, 0103 Oslo

Hareid kommune, Rådhusplassen 5, 6060 Hareid

Vanylven kommune, Rådhuset, 6143 Fiskå

Ulstein kommune, Postboks 143, 6067 Ulsteinvik

Sande kommune, 6084 Larsnes

Hornindal Kraftlag, c/o Hornindal Rekneskapslag, Boks 13, 6761 Hornindal

Valnemnd:

Henry Jøsokbakke, 6080 Gurskøy

Annika Brandal, 6062 Brandal

Ola Perry Saure, 6190 Bjørke



TUSSA

Pr. januar 2014:

Styrerepresentantar:

Valt av aksjonærane:

Gunnar Gjørtz
Petter B. Bjørdal
Hilde Marie Brungot
Lars Erling Bjåstad Hovlid
Sindre Rotevatn
Inger Sandvik Sundnes
Lena Nordal Vedeld

Vararepresentantar:

Kirsten Grutle
Reidun Vigestad Berge
Dag Kåre Nærø
Jan Berset
Ingrid Opedal
Knut Olav Standal
Per Arne Lillebø

Valt av tilsette:

Bjørn Berge
Vivian Roppen
Ole Johan Rekkedal

1. vara: Erling Kleppestrand
2. vara: Oddbjørn Nordang
3. vara: Harald Klokk
4. vara: Frode Espe
5. vara: Solveig R. Kvien

Håvard Marøy

1. vara: Sindre Ertesvåg
2. vara: Åge Nybø
3. vara: Anne Lausund Mo

VEDTEKTER FOR TUSSA KRAFT AS.

Sist endra i ekstraordinær generalforsamling den 1.2.2013.

§ 1. FØREMÅL

Tussa Kraft AS er eit allmenngagnleg selskap som har til føremål å syte for produksjon, overføring og omsetning av elektrisk energi og stå føre utbygging av naudsynlege anlegg i den samanheng.

Tussa kan på forretningsbasis utvikle, produsere og selje produkt og tenester som styrkjer og utviklar konsernet.

§ 2. NAMN OG FORRETNINGSKONTOR

Selskapet sitt namn er Tussa Kraft AS. Forretningskontoret skal vere i Ørsta kommune.

§ 3. AKSJEKAPITAL

Aksjekapitalen er kr 30 320 000, delt på 3 032 aksjar á kr 10 000.

Aksjekapitalen er fordelt på 962 A-aksjar á kr 10 000 og 2 070 B-aksjar á kr 10 000.

B-aksjar kan berre eigast av norske kommunar og fylkeskommunar. Elles er aksjane likestilte.

§ 4. OVERDRAGING AV AKSJAR

Alle overdragingar av aksjar krev samtykke av styret for å vere gyldig. Samtykke kan berre nektast når det ligg føre sakleg grunn.

Aksjeeigarane har ikkje forkjopsrett til aksjar som skifter eigar.

§ 5. GENERALFORSAMLING

I selskapet si generalforsamling har aksjonærane rett til å møte med rådgjevar. Kvar aksje gir ei røyst. Generalforsamlinga avgjer sakene med vanleg fleirtal av dei røystene som er til stades, når ikkje noko anna er sagt i vedtekter eller lov.

Møteleiaren skil mellom like røystetal så nær som ved val som blir avgjort ved loddtrekning.

Ordinær generalforsamling blir halde innan utgangen av april månad.

Styret kallar inn til generalforsamlinga med minst 14 dagars skriftleg varsel. Styremedlemene, administrerande direktør og revisor skal innkallast, men dei har ikkje røysterett. I innkallinga skal nemnast dei sakene som skal handsamast.

Generalforsamlinga skal føre møtebok med opplysning om tid og stad for møtet, om møtet er lovleg innkalla, kven som møter, dei sakene som blir førehatt og vedtak og røystetal i kvar sak.

På kvart møte vel generalforsamlinga 2 representantar til å skrive under møteboka saman med møteleiaren. Etter kvart møte blir utskrift av møteboka sendt alle aksjonærane, styret og revisor.

Ekstraordinær generalforsamling blir halde når styret finn det nødvendig og elles etter reglar fastsett i § 5-6 i Lov om aksjeselskap.

§ 6. GENERALFORSAMLINGA SIN KOMPETANSE

Aksjonærane utøver eigarskapen sin i generalforsamlinga som er det øvste organet i selskapet.

Den ordinære generalforsamlinga skal:

- a) godkjenne årsrekneskapen og årsmeldinga, herunder utdeling av utbytte
- b) velje styremedlemer med personlege varamedlemer, valnemnd, leiar i valnemnda og fastsetje godtgjersle til desse
- c) velje revisor og fastsetje godtgjersle for han.

Elles skal generalforsamlinga ta avgjerder ved sal av aksjar i dei heil eigde dotterselskapa Tussa Energi AS og Tussa Nett AS

§ 7. STYRET

Selskapet skal ha eit styre på 11 medlemer med røysterett. 7 av desse blir valde av generalforsamlinga medan 4 blir valde av og mellom dei tilsette i konsernet. Administrerande direktør møter i styret med tale- og forslagsrett, men ikkje røysterett. Fordeling av styremedlemer mellom aksjonærane er regulert i eigen aksjonæravtale.

Styremedlemer blir valde for 2 år. For dei aksjonærvalde med ein turnus der 3 er på val eine året og 4 på val det neste året.

Leiar og nestleiar blir valde av styret for 1 år om gongen.

Leiaren, eller i hans forfall nestleieren, kallar saman styret så ofte han finn det nødvendig, og når administrerande direktør eller 2 styremedlemer krev det. Så langt råd er må dei sakene som skal fram på styremøtet, nemnast i innkallinga til møtet.

Styret er vedtaksført når minst 6 av dei røysteføre medlemene er frammøtt og leiaren eller nestleieren er til stades. Står røystene likt, er leiaren si røyst avgjerande.

Styret skal føre møtebok med opplysningar om tid og stad for møtet, om møtet er lovleg innkalla, kven som er til stades, dei sakene som blir handsama, tilrådinga frå administrerande direktør i kvar einskild sak og vedtaket og røystetalet i saka. Dissensar skal innførast i møteboka. Styremedlem og administrerande direktør som ikkje er samde i eit vedtak, kan krevje sitt syn innført i møteboka. Møteboka skal underskrivast av alle røysteføre medlemmer som er til stades. Etter kvart møte blir utskrift av møteboka sendt alle styremedlemene.

§ 8. VALNEMND

Selskapet skal ha ei valnemnd med tre medlemmer, og av desse skal ein vere leiar.

Valnemnda skal veljast kvart år av den ordinære generalforsamlinga i selskapet, etter forslag frå styret.

Valnemnda skal kome med tilråding til generalforsamlinga om val av styre og godtgjering av styremedlemmer. Styret sender valnemnda si tilråding til aksjonærane saman med innkalling til ordinær generalforsamling.

§ 9. SIGNATUR

Styreleiaren saman med administrerande direktør eller ein annan styremedlem bind selskapet med underskriftene sine.

§ 10. ENDRING AV VEDTEKTENE

For endring av vedtektene gjeld desse reglane:

- a) Framlegg om vedtektsendringar må styret sende aksjonærane 2 månader før saka blir handsama i generalforsamlinga. Kjem framlegget frå andre enn styret, må det sendast til styret i så god tid at styret kan få sendt med si tilråding i saka.
- b) Vedtektsendring må vedtakast med eit fleirtal på 2/3 av den aksjekapitalen og røystene som er representert i generalforsamlinga.

§ 11. FORHOLD TIL AKSJELOVA

Dersom vedtektene ikkje seier anna, skal reglane i den til ei kvar tid gjeldande aksjelov nyttast.

Tussa Kraft AS

Aksjonæravtale

1. FØREMÅLET MED AVTALEN

Føremålet med avtalen er å sikre at Tussa skal vere ei sjølvstendig, leiande, samfunns- og utviklingsorientert verksemd som vert driven etter sunne forretningsprinsipp, der målsetjinga er å levere eit resultat som over tid er minst på nivå med selskap det er naturleg å samanlikne med. For å sikre dette, må Tussa medverke til å byggje stabile og gode bruere mellom hovudinteressentane – eigarane, kundane og tilsette. Desse bruene skal vere bygde på at Tussa skal skape miljøvennlege løysingar med ein regional, ansvarleg, profesjonell og framtidsretta profil.

Det geografiske samanfallet mellom regionalt eigarskap, kvar kundane bur og ein felles arbeidsmarknad blir viktig å ta vare på. Dette skal oppnåast ved å

- skape økonomiske resultat basert på effektiv og kommersiell drift som gir eigarane god avkastning og sikrar konsernet si vidare langsiktige utvikling,
- satse på energiproduksjon, nettverksemd og naturleg tilliggande forretningsområde
- vere kundeorientert og konkurransedyktig, ha god leveringstryggleik og ha fokus på utvikling av nye produkt
- gi selskapet rom for å søke samarbeid med andre aktørar for å auke konkurransekrafta i regionen
- ha eit godt og trygt arbeidsmiljø med motiverte medarbeidarar som har god kompetanse, set seg høge mål og tek ansvar.

Tussa skal vidare samarbeide aktivt med næringslivet i regionen om å leggje til rette for ei samfunnsutvikling til beste for innbyggjarane.

2. UTBYTE

Tussa skal ha som mål å skape resultat som sikrar god soliditet i selskapet og gir høve til å betale ut eit godt og stabilt utbyte til eigarane.

Under føresetnad av at Tussa har ein tilfredstillande soliditet og under omsyn til reglane i aksjelova, skal det betalast ut eit ordinært utbyte på 60 % av resultatet etter skatt. For å sikre stabilitet i utbytet, skal utrekninga av utbytet baserast på gjennomsnittet av dei tre siste åra sine resultat

3. SAL AV AKSJAR

Alle sal av aksjar skal handsamast i styret og det er ein føresetnad at kravet til offentleg eigarskap i pkt. 4 nedanfor blir teke omsyn til på vanleg måte. Godkjenning av aksjesal kan berre nektast når det ligg føre sakleg grunn, jf. aksjelova § 4-16 andre lekk, likevel slik at dette ikkje inneber noko avgrensing i høve til krav om samtykke ved aksjeerverv etter industrikonsesjonsloven. Partane er samde om at reglane i aksjelova § 4-16 og §4-17 skal brukast

4. OFFENTLEG EIGARSKAP

Partane pliktar ved kjøp, sal eller anna overdraging av aksjar å overhalde eigaravgrensingsreglar som inneber at maksimalt 1/3 av aksjane i Tussa Kraft (røyster

og kapital) kan vere eigd av alle, i dette også private, medan minst 2/3 (røyster og kapital) skal vere eigd av norske kommunar og/eller fylkeskommunar. Partane pliktar seg til ikkje å røyste for vedtektsendringar som inneber at ikkje minst 2/3 av aksjane (røyster og kapital) i Tussa Kraft i samsvar med vedtekter skal eigast av norske kommunar og/eller fylkeskommunar. Ved endring i konsesjonslovene pliktar partane å medverke til å vurdere korleis selskapet sine interesser best kan takast vare på.

5. STYREVAL

Styret bør setjast saman slik at det tek vare på aksjonærfellesskapen sine interesser og selskapet sitt behov for kompetanse, kapasitet og mangfald. Det må også takast omsyn til at styret skal fungere godt som eit kollegialt organ.

Basert på 7 aksjonærvalde styremedlemer og at Kommunal landspensjonskasse er blitt eigar av minimum 14,29 % av aksjane i Tussa Kraft AS er aksjonærane samde om følgjande fordeling av styreplassane:

Ørsta kommune	2 representantar og 2 vara representantar
Herøy kommune	1 representant og 1 vararepresentant
Volda kommune	1 representant og 1 vararepresentant
Kommunal landspensjonskasse	1 representant og 1 vararepresentant
Vanylven og Sande kommunar	1 representant og 1 vararepresentant
Hareid og Ulstein kommunar	1 representant og 1 vararepresentant

Ved endring av tal på styremedlemer eller eigarskap skal eventuell ny fordeling av styreplassar vere basert på at ein aksjonær eller ei gruppe av aksjonærer med prosentvis eigardel i selskapet som er større enn 100/tal aksjonærvalde styremedlemer har rett til å nominere ein styremedlem. Er eigardelen større enn 2 gongar 100/tal aksjonærvalde styremedlemer, har aksjonæren eller gruppa av aksjonærer rett til å nominere 2 styremedlemer osb. Aksjonærer som ikkje er reelt offentlege i konsesjonsrettsleg høve, kan likevel ikkje i noko høve krevje å nominere meir enn 1/3 av dei aksjonærvalde styremedlemene.

Aksjonærer eller aksjonærgrupper pliktar innan 3 veker før generalforsamlinga å opplyse overfor valnemnda kven dei har nominert til styremedlem. Aksjonærane forpliktar seg til å medverke til at val av styremedlemer skjer på ein ryddig måte. Dersom ovannemnde opplysingar ikkje er gitt, vil valnemnda sjølv leggje fram for generalforsamlinga tilråding på styremedlemer slik at krava i vedtektene blir følgde.

Aksjonærane skal syte for at valnemnda er kjend med innhaldet av denne aksjonæravtalen slik den til ei kvar tid er. Generalforsamlinga vedtek instruks for valnemnda. Instruksen følgjer som vedlegg til aksjonæravtalen

6. NYE AKSJONÆRAR

Nye aksjonærer må uavhengig av om aksjar blir erverva gjennom kjøp eller ved emisjon eller på annan måte slutte seg til denne avtalen med signatur.

7. ENDRING AV AVTALEN.

Punkta 4, 5 og 6 i denne avtalen er ikkje tidsavgrensa. Desse punkta kan berre endrast om alle aksjonærane er samde om det.

Dei andre punkta i aksjonæravtalen gjeld for seks – 6 – år i gongen, og blir automatisk fornya. Dersom ein av partane ynskjer å tre ut av avtalen, eller reforhandle teksten i

denne, skal dette meldast med seks – 6 – månaders varsel. Aksjonæravtalen er ein omforeint avtale, og kan berre endrast om alle aksjonærane er samde om det.

8. EIGAR SI INNSIKT I FORRETNINGSVERKSEMDA

Eigarane skal kunne bli gitt innsyn i drifta til konsernet og underliggande forretningseiningar. Dette skal skje i samband med eigarmøte og generalforsamling, eller på annan måte når det er meir tenleg.

9. TILHØVET TIL ANDRE AKSJONÆRAVTALAR OG IVERKSETJING

Denne avtalen erstattar alle tidlegare aksjonæravtalar vedrørende Tussa Kraft AS, herunder aksjonæravtale av 29. desember 2005 og tilleggsavtale til same avtale inngått 28. april 2008. Denne avtalen trer i kraft når den er signert av alle parter. Avtalen sitt pkt. 5, andre avsnitt trer i kraft når Kommunal landspensjonskasse har vorte eigar av 14,97 % av aksjane i Tussa Kraft AS.

10. TVISTAR

Tvistar om forståing av denne avtalen skal søkjast løyst ved forhandlingar mellom partane. Om minnelege løysingar ikkje blir oppnådde, skal usemja løysast ved ordinær domstolshandsaming.

11. SIGNATUR

Denne avtalen er signert av alle aksjonærene

Aksjonær	Stad/dato	Signatur
Ørsta kommune	Ørsta 1/2-13	[Signature]
Herøy kommune	Ørsta 1/2-13	[Signature]
Volda kommune	Volda 31/1-13	[Signature]
Kommunal Landspensjonskasse	Ørsta 1/2-13	[Signature]
Hareid kommune	Ørsta 1/2-13	[Signature]
Vanylven kommune	Fiskå 1/3-13	[Signature]
Ulstein kommune	Ørsta 1/2-13	[Signature]
Sande kommune	Larvik 1/3-2013	[Signature]
Hornindal Kraftlag	Ørsta 1/2-13	Per Fløgen

Gjeldande aksjefordeling TUSSA KRAFT AS

Sist revidert 01.02.2013

Aksjonær	A	B	SUM	% kapital	% røyster
Ørsta kommune	309	747	1056	34,83	34,83
Herøy kommune	137	376	513	16,92	16,92
Volda kommune	0	484	484	15,96	15,96
Kommunal Landspensjonskasse	454	0	454	14,97	14,97
Hareid kommune	0	201	201	6,63	6,63
Vanylven kommune	21	176	197	6,50	6,50
Ulstein kommune	29	58	87	2,87	2,87
Sande kommune	0	28	28	0,92	0,92
Hornindal Kraftlag AS	12	0	12	0,40	0,40
SUM	962	2070	3032	100,00	100,00



Firmaattest

Organisasjonsnr: 916 929 641
Navn/foretaksnavn: TUSSA KRAFT AS
Forretningsadresse: Langemyra 6
6160 HOVDEBYGDA

Brønnøysundregistrene
23.01.2015



Organisasjonsnummer: 916 929 641

Organisasjonsform: Aksjeselskap

Stiftingsdato: 19.12.1956

Overført til
Føretaksregisteret: 22.12.1988

Føretaksnavn: TUSSA KRAFT AS

Forretningsadresse: Langemyra 6
6160 HOVDEBYGDA

Kommune: 1520 ØRSTA

Land: Noreg

Telefon: 70 04 62 00

E-postadresse: firmapost@tussa.no

Aksjekapital NOK: 30 320 000,00

Dagleg leiar/
adm.direktør: Elling Andreas Dybdal

Styre:

Styreleiar: Gunnar Gjørtz
Huldreveien 8
0781 OSLO

Nestleiar: Hilde Marie Brungot

Styremedlem: Inger Merete Sandvik Sundnes
Lars Erling Bjåstad Hovlid
Lena Cathrin Nordal Vedeld
Sindre Rotevatn
Vivian Roppen Representant for
dei tilsette

Håvard Marøy Representant for
dei tilsette

Kjell Arne Aurstad
Oddbjørn Nordang Representant for
dei tilsette

Harald Klokk Representant for
dei tilsette

Varamedlem: Dag Kåre Nærø
Kirsten Grutle



Knut Olav Standal
Jan Gerhard Berset
Ingrid Opedal
Solveig Irene Reite Kvien
Sindre Ertesvåg
Åge Nybø
Anne Lausund Moe
Mathias Hogne Gjerde
Bente Reklev

Representant for
dei tilsette
Representant for
dei tilsette
Representant for
dei tilsette
Representant for
dei tilsette

Signatur: Styreleiaren saman med adm.
direktør eller ein annan
styremedlem.

Prokura: Administrerende direktør.

Revisor: Godkjent revisjonsselskap
Organisasjonsnummer 987 009 713
PRICEWATERHOUSECOOPERS AS
Dronning Eufemias gate 8
0191 OSLO

Vedtektsfesta formål: Syte for produksjon, overføring og
omsetning av elektrisk energi og
stå føre utbygging av naudsynlege
anlegg i den samanheng.

Tussa kan på forretningsbasis
utvikle, produsere og selje produkt
og tenester som styrkjer og
utviklar konsernet.

Namn	Fødselsår	Utdanning	Arbeidserfaring	Styrearbeid
Gunnar Gjørtz	1956	Handelsakademiet (BI) Oslo Registrert revisor	Arthur Andersen & Co, revisor Geco AS, prosjektleiar Nora Industrier AS, økonomidirektør Suez Lyonnaise des Eaux, internasjonal leiar (England og Frankrike) NetCom ASA, økonomidirektør Løvenskiold Vækerø AS, økonomidirektør Hafslund ASA, økonomidirektør KLP Eigedom, administrerande direktør	Itera Consulting Group, styreleiar (børsnotert) Infratek ASA, styreleiar (børsnotert) Dyvi ASA, styremedlem Hafslund døtre, styremedlem KLP døtre, styreleiar Trønder Energi AS, styremedlem Tussa Kraft AS, styreleiar Diverse styreverv
Lena Cathrin Nordal Vedeld	1970	Økonomi og administrasjon på høgskule	Debet & Kredit Rekneskap AS, avdelingsleiar og autorisert rekneskapsfører Rovde Møbelfabrikk AS, kontomedarbeidar og HMS-ansvarleg Vest Kontrollutvalssekretariat, konsulent Kleven Verft, lønsmedarbeidar Vanylven Rekneskapslag, rekneskapsfører	Vanylven Eigedom AS, styremedlem Rovde Møbelfabrikk AS, styremedlem Osmark Eigedom AS, styremedlem Nordvest Bedriftshelseteneste, styremedlem Tussa Kraft AS, styremedlem
Hilde Marie Brungot	1950	NHH Siviløkonom NHH - MBA	DNB ASA Ålesund, banksjef Wealth Management Rolls-Royce Commercial Marine(CFBU), økonomileiar Ulstein Industrier, økonomileiar Delfa AS, økonomileiar Industri & Skipsbanken ASA, økonomileiar Kredittkassen AS Ulsteinvik, leiar bedriftsmarknaden Sunnmørsbanken AS, konsulent	Herøyterminalen, styremedlem Olympic Shipping AS, styremedlem Stiftinga Sunnmørsjekta, styremedlem Ishavsmuseet, styremedlem Norsk Maritim Kompetansesenter AS, styremedlem Tussa Kraft AS, styremedlem Diverse styreverv

Namn	Fødselsår	Utdanning	Arbeidserfaring	Styrearbeid
Lars Erling Bjåstad Hovlid	1974	Menighetsfakultetet, teologisk embetseksamen	Norges KFUK-KFUM, prosjektleiar Åsane kyrkje, kappelan Sørlege Afrika, sjømannsprest Sunnmøre Folkehøgskule, avdelingsleiar	Medlem Hareid kommunestyre Landsstyret Norges KFUK-KFUM, styremedlem Kirkens Bymisjon, Bergen, styremedlem Tussa Kraft AS, styremedlem
Inger Sandvik Sundnes	1967	HiMolde, øk. adm BI, Strategi og leiing	SpareBank1 Søre Sunnmøre, leiar for bedriftssenter Tussa, kundeansvarleg for næringslivsmarknaden Enøk-senteret, kontormedarbeidar Volda kommune, personalkonsulent	Medlem Ørsta kommunestyre Volda Industrilag, styremedlem. Volda Sentrum AS, styremedlem Tussa Kraft AS, styremedlem
Sindre Rotevatn	1960	BI, siviløkonom HiVolda, kommunal planlegging og administrasjon	Kaluna Norge AS, partner Ulstein Verft AS, adm. direktør Saferoad, CFO/økonomidirektør Kreditkassen, bedriftsrådgjevar SunSoft, dagleg leiar, Møremøbler, økonomisjef,	Scan Aprima AS, styreleiar Riam Ørsta AS, styreleiar Ulsteindøtre, styremedlem Saferoadøtre, styremedlem Møremøblerdøtre, styremedlem Tussa Kraft AS, styremedlem Diverse styreverv
Kjell Arne Aurstad	1952	Teknisk Fagskule 1978	Maskinførar Anlegg/prosjektleiar RB Nautvik AS Maskinentreprenør eige firma	Styremedlem hovudstyret i MEF Styreleiar/-medlem MEF Møre og Romsdal Styreleiar KA Aurstad AS

TUSSA KRAFT AS

INSTRUKS FOR VALNEMNDA

Seinast revidert som konsekvens av aksjonæravtale av 01.02.2013 og godkjent på generalforsamling den 26.04.2013

Generelt

Aksjonærane har inngått ein aksjonæravtale som mellom anna gir viktige føringar for val av styremedlemer i Tussa Kraft. Føringane i aksjonæravtalen er innarbeidd i selskapet sine valprosedyrar og i instruks for valnemnda så langt som det høver. Aksjonæravtalen ligg ved denne instruksen.

1. Valnemnda i Tussa Kraft skal kome med tilråding til generalforsamlinga om val av styre etter aksjonærane sine ønskjer så langt som det passar jf. pkt. 7, aksjonæravtalen sine føringar om at styret bør setjast saman slik at det tek vare på aksjonærfellesskapen sine interesser, selskapet sitt behov for kompetanse, kapasitet og mangfald og den til ei kvar tid gjeldande lovgjeving om samansetjing av styre i aksjeselskap. Det må også takast omsyn til at styret skal fungere godt som kollegialt organ.
2. Tilrådinga frå valnemnda skal grunngjevast og det skal opplysast om relevant kompetanse for innstilte kandidatar.
3. Valnemnda skal også kome med tilråding om godtgjering av styremedlemene.
4. For å avklare selskapet sitt behov for kompetanse, kapasitet, kontinuitet og mangfald, skal leiar av valnemnda ha møte med styreleiar innan utgangen av januar slik at eventuelle signal kan sendast ut i samband med at aksjonærane blir oppmoda om å nominere styremedlemer, jf. pkt 7.
5. Valnemnda skal ha dialog med aktuelle eigarar under valprosessen.
6. Valnemnda si tilråding på val av styremedlemer og godtgjering skal vere styret i hende seinast 15 dagar før ordinær generalforsamling, slik at tilrådinga kan sendast ut med innkallinga.
7. Administrasjonen i Tussa Kraft skal gi melding til aksjonærane seinast 8 veker før generalforsamlinga om val av styre i Tussa Kraft AS. I meldinga be om at aksjonærane seinast 3 veker før generalforsamlinga opplyser til valnemnda kven dei ønskjer å nominere som styremedlemer.

Delegerte saker frå avdelingane

DS 35/15 Cecilie Skotnes og Arne Fagerbakke 81/13 - Rammeløyve for oppføring av einebustad 10.02.2015 00:00:00 ANEBYHUS AS

DS 36/15 Annelise Chapman - 12/284 - Endring frå carport til garasje 21.01.2015 00:00:00 Annelise Chapman

DS 37/15 Dag Ivar Myrene 76/92 - Løyve til planering og opparbeiding av nausttomter 23.01.2015 00:00:00 DIMCO AS m.fl.

DS 38/15 Ann Iren Hatløy 59/6 - Igongsetjingsløyve for gravearbeider 17.02.2015 00:00:00 UNIKUS AS m.fl.

DS 39/15 Knut Ove Aspevik 50/4 - Mellombels bruksløyve for tre naust i rekkje 26.01.2015 00:00:00 Knut Ove Aspevik

DS 40/15 A.Båtsvik - 45/146 og 152 - Plasthall 29.01.2015 00:00:00 Sporstøl Arkitekter as

DS 41/15 Peter Frøystad 60/143 - Løyve til rehabilitering av skorstein 17.02.2015 00:00:00 Cementprodukt AS

DS 42/15 Børre Oddmund Waagan - 79/129 - IG grunnarbeid, ringmur og gulv 21.01.2015 00:00:00 Magne Bergseth Sivilarkitekt MNAL

DS 43/15 Oddmund Kvalsvik 17/70 - Ferdigattest for rehabilitering av skorstein og installasjon av eldstad 11.02.2015 00:00:00 Cementprodukt AS

DS 44/15 Tømrer Prosjekt as - 31/4 - Oppføring av bustadblokk med tilhøyrande carportar, veg, parkering, va anlegg, terrenginngrep, planering av hage og gangveg 19.01.2015 00:00:00 Tømrer Service as

DS 45/15 Bjørnar Thorseth 48/33 - Løyve til tiltak 03.02.2015 00:00:00 Kvadratbygg AS

DS 46/15 Arild Myrvoll 23/32 - Ferdigattest for oppføring av frittliggande garasje 23.01.2015 00:00:00 Arild Myrvoll

DS 47/15 Per Arne Måløy 46/71 - Mellombels bruksløyve 29.01.2015 00:00:00
Per Arne Måløy

DS 48/15 Ferdigattest lys Bergsøy stadion - 29/151 06.02.2015 00:00:00
Byggsøk Norge

DS 49/15 Hege og Geir Notøy 40/72 - Rammeløyve til oppføring av einebustad
30.01.2015 00:00:00 Ørsta Byggservice AS

DS 50/15 Jon Olav Kopperstad 7/49 - Løyve til oppføring av tilbygg til
bustadhus 03.02.2015 00:00:00 Jon Olav Kopperstad

DS 51/15 Thomas Slenes Leine - 58/40 - Løyve til endring 30.01.2015
00:00:00 Thomas Slenes Leine

DS 52/15 Bjørn Reidar Myklebust 31/184 - Løyve til flytting av naust
21.01.2015 00:00:00 Bjørn Reidar Myklebust

DS 53/15 Herøy Vasslag - 21/1, 2, 43, 51 og 20/50 - Ny vassledning Frøystad
11.02.2015 00:00:00 Aurvoll og Furesund as

DS 54/15 Mellombels bruksløyve 12/309 seksjon 2 28.01.2015 00:00:00 Ørsta
Byggservice as

DS 55/15 Sigmund Aksnes 56/106 - Løyve til oppføring av redskapshus
10.02.2015 00:00:00 Sigmund Aksnes

DS 56/15 Mellombels bruksløyve - 34/22 seksjon 5 - 1 etg og takplan
09.02.2015 00:00:00 Conplan as

DS 57/15 Ferdigattest 16/128 06.02.2015 00:00:00 Husbygg as

DS 58/15 Odd-Arne Dybvik 24/4 - Løyve til oppføring av flytebrygge
29.01.2015 00:00:00 Odd Arne Dybvik

DS 59/15 Odd-Johan Muren 16/109 - Ferdigattest 21.01.2015 00:00:00
Odd-Johan Muren

DS 60/15 Direktoratet for nødkommunikasjon 19/7 - Ferdigattest 05.02.2015

00:00:00 Technogarden Engineering Resources AS

DS 61/15 Tømrer Prosjekt as - 56/108 - Endring hustype og ansvarsrett

19.01.2015 00:00:00 Tømrer Service as

DS 62/15 Mellombels bruksløyve - 30/122 30.01.2015 00:00:00 Sunnmørshus
as

DS 63/15 Flusund Invest DA - 27/2 - Riving gamal sjøbud 02.02.2015

00:00:00 Ose Ingeniørkontor as

Referatsaker

Referatsaker

Sendt fra en Samsung Mobil

----- Opprinnelig melding -----

Fra: Tor Sindre Steinsvik <tor.sindre.steinsvik@heroy.kommune.no>

Dato:

Til: Olaus-Jon Kopperstad <olaus-jon.kopperstad@heroy.kommune.no>

Emne: VS: Protokoll styremøte SF AS 29.01.15

Kan du få denne inn i systemet, på rett vis.

-----Opprinnelig melding-----

Fra: Bjørn Martin Aasen [<mailto:bmaasen@icloud.com>]

Sendt: 30. januar 2015 16:46

Til: Tor Sindre Steinsvik; Olaus-Jon Kopperstad

Kopi: Bjørn Martin Martin Aasen

Emne: Protokoll styremøte SF AS 29.01.15

Vedlagt følger protokoll frå SF AS sitt styremøte 29.01.15. Viser til vedtak i sak 14/15.

Bed om at rapport frå BDO vert unnateke offentlegheit fram til tilsvarsretten er innfridd.

Med venleg helsing

Bjørn Martin Aasen
styreleiar

PROTOKOLL STYREMØTE 2/2015 SUNNMØRSBADET FOSNAVÅG AS .

Dato: Torsdag 29.01.14 Kl 1500 - 1800.

Stad: Olympic Shipping, 2 etg.

Diss møtte: Bjørn Martin Aasen, Per Kyrre Kvien, Marny Berge, Tanja Rafteseth, Kåre Jensholm, Hilde Marie Brungot, Arve Moltubakk.

Dessutan møtte: Dagleg leiar Karl Petter Sortehaug.

Styremøte nr. 2/2015.

Sakliste:

Sak – 12/15: Protokoll 14.01.2015, godkjenning.

Protokoll 14.01.15 vedlagt.

Vedtak:

Protokoll styremøte 14.01.15 vert godkjendt.

Sak – 13/15: Protokoll lønsforhandling.

Protokoll frå forhandling med dagleg leiar vert lagt fram i møtet.

Vedtak:

Protokoll datert 23.01.15 frå forhandling med dagleg leiar vert godkjend.

Sak – 14/15: Rapport frå BDO "Gjennomgang av byggerekneskap og finansiering av nytt badeland i Herøy".

I ekstraordinær generalforsamling den 03.11.2014 vart det i sak 6 gjort m.a. slik protokollering:

"I drøftingene slutta generalforsamlinga seg til styret sin hovedstrategi for det vidare arbeid:

c. Iverksette tiltak for å få oversyn over kva faktorar som ligg til grunn for den kostnadsutvikling prosjektet har fått, samt få trygghet for at alle kostnadane i prosjektet er avdekka."

Det vart den 07.11.14 signert kontrakt med revisorfirma BDO, statsautorisert revisor Ole Martin Sæter. Kontrakt vart godkjend i styremøtet 11.11.14, sak 78/14.

BDO avga rapport den 22.01.15. Rapporten vart overlevert i møte med arbeidsutvalet.

25.01.15 vart rapporten overlevert kvar einskild eigarrepresentant og til styremedlemene.

I dagens styremøtet framkom at Sæter ikkje hadde innhenta tilsvar frå nemnde og siterte personar i rapporten.

Vedtak:

1. Styret viser til rapport frå BDO v/Ole Martin Sæter "Gjennomgang av byggerekneskap og finansiering av nytt badeland i Herøy" datert 22.01.15.
2. Rapporten vert oversendt personar som er nemnde og siterte i rapporten for tilsvar. Tilsvarsfristen vert sett til 8 dagar. Før tilsvar ligg føre vert rapporten unnateke offentlegheit.
3. Det vert innkalla til ekstraordinær generalforsamling så snart råd er for formell behandling av rapporten. Styret rår til at Ole Martin Sæter vert kalla inn til den ekstraordinære generalforsamlinga.

Sak – 15/15: Låneopptak Kommunalbanken.

I sak- 5/15 pkt 3 gjorde styret slikt vedtak:

"Styret bed arbeidsutvalget vidareføre arbeidet med både den kortsiktige og langsiktige finansieringa av prosjektet. Arbeidsutvalget får, om nødvendig, fullmakt å inngå kortsiktig låneavtale med aksjonærene for å sikre selskapet nødvendig likviditet. Styret bed og arbeidsutvalet vidareføre arbeidet med ein søknad om utvida låneramme i Kommunalbanken med utvida kommunal garanti. Slik søknad skal ikkje sendast før eigarmøtet har drøfta selskapet sin situasjon."

Søknad har vore sendt Kommunalbanken som i utgangspunktet stiller seg positiv under føresetnad av at det m.a. vert stillt utvida kommunal lånegaranti.

Vedtak:

1. Styret bed og arbeidsutvalet vidareføre arbeidet med ein søknad om utvida låneramme i Kommunalbanken på inntil 20 mill. med nedbetalingstid inntil 25 år, sikra med utvida kommunal garanti. Slik søknad om garanti skal ikkje sendast før eigarmøtet har drøfta selskapet sin situasjon.
2. Styret gir fullmakt til arbeidsutvalet til å akseptere endelige lånebetingelser, samt velje bank.
3. Styret vil på eigarmøtet 30.01.15 legge fram ein oversyn over alternative finansieringsmåtar med sikte på drøfting med eigarane.

Sak - 16/15: Neste møte.

Vedtak:

Neste møte vert fastsett til torsdag 12.02.15 kl 1415, Olympic shipping.

Bjørn Martin Aasen

Arve Moltubakk

Per Kyrre Kvien

Tanja Rafteseth

Kåre Jensholm

Marny Berge

Hilde Marie Brungot

Karl Petter Sortehaug

R - Kst.

Prof.
Rådun



DET KONGELIGE KOMMUNAL-
OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT

Kommunene
Fylkeskommunene
KS

HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg.nr. 2015/99	Saksbeh. 45
- 2 FEB. 2015	
Ark.kode P	033
Ark.kode S	
J.nr.	Dok.nr. 2
Kassasjon	

Deres ref

Vår ref
15/200 1

Dato
30.01.2015

Kommunale og fylkeskommunale reglementer om folkevalgtes taushetsplikt ved lukking av møter

I løpet av de siste månedene er det kommet flere undersøkelser og medieoppslag som viser at en rekke kommunale og fylkeskommunale reglementer på enkelte punkter ikke er i tråd med gjeldende rett. Dette gjelder særlig regler om rekkevidden av de folkevalgtes taushetsplikt når et folkevalgt organ behandler en sak i et lukket møte.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet vil på denne bakgrunnen minne kommunene og fylkeskommunene om departementets rundskriv som beskriver den rettslige adgangen til å pålegge folkevalgte taushetsplikt om forhandlingene i lukkede møter gjennom lokalt vedtatte reglementer (såkalt instruksbasert taushetsplikt).

I mars 2000 ga departementet ut rundskriv H-2112 om taushetsplikt for folkevalgte. I rundskrivet redegjøres det for gjeldende regler om taushetsplikten for de folkevalgte og adgangen til å pålegge taushetsplikt om opplysninger som ikke er taushetsbelagt i lov eller i medhold av lov. Når det gjelder forholdet til lukkede møter står det klart i rundskrivets punkt 3.3 at det kun er de taushetsbelagte opplysningene som fremkommer i et lukket møte de folkevalgte har taushetsplikt om. Det at møtet er lukket innebærer i seg selv ikke at de folkevalgte får taushetsplikt om alle opplysninger som fremkommer på møtet. Det spesifiseres at det heller ikke er adgang til å innføre en slik taushetsplikt i et kommunalt reglement, jf. rundskrivets punkt 5.5 og 5.6.

Kommunene og fylkekommunene ble i rundskrivet anmodet om å endre sine reglementer i den grad de gikk lenger i å pålegge de folkevalgte taushetsplikt enn det som følger av lov.

Postadresse
Postboks 8112 Dep
NO-0032 Oslo
postmottak@kmd.dep.no

Kontoradresse
Akersg. 59
<http://www.kmd.dep.no/>

Telefon*
22 24 90 90
Org no.
972 417 858

Kommunalavdelingen

Saksbehandler
Edvard Aspelund
22247220

I departementets normalreglement om folkevalgtes innsynsrett som ble utgitt i 2004 (Veileder H-2142), er det også inntatt bestemmelser om folkevalgtes taushetsplikt ved lukking av møter. I normalreglementets punkt 4.2 annet ledd står det følgende om taushetsplikten ved lukkede møter:

”Når en sak behandles for lukkede dører etter kommuneloven § 31, plikter de folkevalgte å bevare taushet om opplysninger som etter lov er underlagt taushetsplikt.”

Det presiseres i merknadene til bestemmelsen at de folkevalgte kun har taushetsplikt om opplysninger som er taushetsbelagte i lov eller i medhold av lov. Det er ikke anledning til å pålegge folkevalgte en generell taushetsplikt om opplysninger selv om disse er unntatt offentlighet etter offentlighetsloven. Det er heller ikke slik at opplysninger blir taushetsbelagte kun fordi de er unntatt offentlighet eller gjelder saker som behandles i lukkede møter.

Før rundskrivet fra 2000, var det i juridisk teori og tidligere rundskriv fra departementet, lagt til grunn at kommunestyret kunne vedta at de folkevalgte hadde taushetsplikt om forhandlinger i lukkede møter. Ved årtusenskiftet ble det på bakgrunn av nye juridiske utredninger fastslått at kommunene likevel ikke har rettslig adgang til å pålegge de folkevalgte en slik utvidet taushetsplikt.

Som nevnt er det fremdeles flere kommuner og fylkeskommuner som ikke har endret sine reglementer slik at de er i samsvar med gjeldende rettsoppfatning. Disse kommunene og fylkeskommunene har bestemmelser i sine reglementer som pålegger de folkevalgte taushetsplikt om forhandlinger i lukkede møter, og dermed går lenger enn det som følger av lov og rundskriv fra departementet. En slik reglementsbasert taushetsplikt som gjelder alle forhandlinger i lukkede møter, vil da gjelde for opplysninger som ikke er omfattet av den lovbestemte taushetsplikten i for eksempel forvaltningsloven § 13 første ledd.

Departementet minner derfor om de ovennevnte rundskrivene, og oppfordrer kommunene og fylkeskommunene om å ta en gjennomgang av sine reglementer og foreta de nødvendige endringene. Rundskrivene er tilgjengelige på departementets hjemmeside www.regjeringen.no/kmd.

Med hilsen

Siri Halvorsen (e.f.)
avdelingsdirektør

Edvard Aspelund
seniorrådgiver

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og sendes uten signatur.

REFERAT.

EIGARMØTE SUNNMØRSBADET FOSNAVÅG AS.

Dato: 30.01.15.

Tid: Kl 1000 – 1400.

Stad: Herøy rådhus, formannskapssalen.

Frå eigarane møtte: Per Sævik, Njål Sævik, Stig Remøy, Tor-Sindre Steinvik, Marny Berge, Karin Vike.

Frå styret møtte: Bjørn Martin Aasen, Arve Moltubakk, Per Kyrre Kvien.

Frå selskapet møtte: Karl Petter Sortehaug.

Dessutan møtte: Olaus Jon Kopperstad, Geir Egil Olsen, Anders Almestad.

Møtet vart leia av Bjørn Martin Aasen som og vart valgt til referent.

Det vart gitt orientering om og gjennomført drøftingar av følgjande saker:

Ekstern rapport prosjektgjennomgang.

Styreleiar gjorde greie for mottak, utlevering og handsaming av rapport frå BDO datert 22.01.15. Styresak 14/15 datert 29.01.15 vart referert. Som følgje av at det under styrehandsaminga den 29.01.15 vart avdekka at personar som var intervjuet og gjengitt/sitert i rapporten ikkje hadde fått rettmessig tilsvarsrett, hadde styret vedteke at rapporten vert unnatek offentlegheit fram til alle har fått høve å gi tilsvar. Melding vart sendt disse personar fredag 30.01.15 med frist for tilsvar til fredag 06.02.15 kl 1600.

Styret gjorde i sak 14/15 vedtak om innkalling til ekstraordinær generalforsamling for formell handsaming av rapporten. Eigarmøtet peika på tirsdag 24.02.15 som ein høveleg dato. Særskild innkalling vert utsendt.

Eigarmøtet hadde ein diskusjon kring handsaming av rapporten frå mottak 22.01.15 fram til eigarmøtet.

Styret sitt arbeid til no - oversikt.

Styreleiar orienterte om styret si organisering, om møtefrekvens og om etablering av systematisk rapportering knytt til kostnad og framdrift i prosjektet.

Styret sitt arbeid med å etbalere oversikt og kontroll på kostnader, finansieringsplan og oppfølging av kontrakter vart utdypa under særskilde punkt seinare i møtet.

Det vart vidare orientert om:

- Utsett ferdigstilling bygg i to veker frå 15.02.15 til 02.03.15.

Kontrakter og kontraktsutfordringar.

(Avsnittet er unnateke offentlegheit av forretningsmessige grunnar)

Budsjett 2015, prognose 2016.

Prognose 2016 med vart gjennomgått og forklart. Denne prognosen tek utgangspunkt i reelle inngåtte kontrakter. Der er eit avvik frå tidlegare prognoser med nedjusterte tal for "Kjøp av badetenester" frå Herøy kommune og for "Leigeinntekter treningssenter". Vidare vart det lagt til grunn eit samla lån på kr. 65,0 mill. Prognosen viser eit driftsunderskot på kr. 243.500.

Det vart understreka frå eigarane si side at styret må ha stor merksemd på, og sikre god nok kompetanse og kapasitet i drifta av anlegget med sikte på å avdekke og følgje opp feil og manglar som utløyser leverandørs garantiansvar.

Sak om styregodtgjerdse.

Eigarmøtet bad om at det til ekstraordnær generalforsamling den 24.02.15 vert lagt fram ei sak om styregodtgjerdse.

bmaa
ref.

Revidert referat 02.02.15 kl 1600.
bmaa

Fra: Tor Sindre Steinsvik
Sendt: 9. februar 2015 19:19
Til: mr@smp.no; Olaus-Jon Kopperstad
Emne: VS: SUNNMØRSBADET FOSNAVÅG AS. RAPPORT FRÅ BDO OPPDATERT 10.02.15

Sender over rapporten, sender også tilsvare som er sendt meg på to ekstra mailer.
Sendt fra min Sony Xperia™-smarttelefon

---- Opprinnelig melding ----

Emne: SUNNMØRSBADET FOSNAVÅG AS. RAPPORT FRÅ BDO OPPDATERT 10.02.15

Sendt: 9. feb. 2015 14:53

Fra: Bjørn Martin Aasen <bmaasen@icloud.com>

Til: Bjørn Martin Martin Aasen <bmaasen@online.no>, Kåre Jensholm

<post@lanteren.no>, Hilde Marie Brungot <hilde.marie.brungot@dnbnor.no>, Per Kyrre Kvien

<Per.Kyrre.Kvien@olympic.no>, Tanja Rafteseth <tanja.rafteseth@enok-senteret.no>, Karl Petter

Sortehaug <post@sunnmorsbadet.no>, Berge Marny <bergeheim@hotmail.no>, Arve Moltubakk

<arve.moltubakk@tussa.com>, Tor Sindre Steinsvik

<tor.sindre.steinsvik@heroy.kommune.no>, Per Sævik <per@havila.no>, Karin Vike

<andor.vike@tussa.com>, Stig Remøy <stig.remoy@olympic.no>, Njål Sævik

<njaal@havila.no>, Myklebust Frode <Frode.Myklebust@no.ev.com>, Marianne Hammerø

<arkiv@sunnmorsbadet.no>

Kopi: Stig Vestnes <stig@fokusregnskap.no>, Arnulf Goksøyr

<arnulf.goksoyr@heroy.kommune.no>, Roger Myklebust

<Roger.Myklebust@heroy.kommune.no>, Anders Almestad <anders.almestad@octavius.no>

Vedlagt følger rapporten «Gjennomgang av byggerekneskap og finansiering av nytt badeland i Herøy» frå statsautorisert revisor Ole Martin Sæter, BDO, datert 10.02.15. Denne rapporten er oppdatert i høve til første rapport datert 22.01.15 som dermed utgår. Oppdateringa er gjort som følge av ei tilsvarende der personar som Sæter hadde møter eller samtaler med har fått høve å kome med tilsvare knytt til dei deler av rapporten der dei var sitert eller der utsegner var teke med.

Rapporten vert sendt til: Styret i SF AS, aksjonærene i SF AS og til selskapet sin revisor, og med kopi til personar med tilsvarerett.

Rapporten vert lagt fram for styret i styremøtet torsdag 12.02.15 for handsaming. Styret har tidlegare vedteke å kalle inn til ekstraordinær generalforsamling tirsdag den 24.02.15, og styret vil der legge fram rapporten og sine konklusjonar knytt til denne.

Med venleg helsing

Bjørn Martin Aasen
styreleiar

Sunnmørsbadet Fosnavåg AS
v/ styreleiar Bjørn Martin Aasen
6090 Fosnavåg

Gjennomgang av byggerekneskap og finansiering av nytt badeland i Herøy

1. Oppdrag/mandat

Vi fekk 6. november 2014 i oppdrag frå styret i Sunnmørsbadet Fosnavåg AS å gå gjennom byggerekneskapen for badelandet som selskapet har under bygging, inkludert budsjett og finansieringsplanar. Vi skulle vurdere informasjonen som var gitt til styret og generalforsamlinga opp mot det vi finn i rekneskapen. Vidare skulle vi gå gjennom tidslinja i prosjektet knytt til vedtak og kostnader. Vi skulle også gå gjennom den vesentlegaste kontantstraumen og sjå på samanheng mellom betalingane og framdrifta i prosjektet.

Rapporten vart 22. januar 2015 levert til styreleiar i Sunnmørsbadet, Bjørn Martin Aasen. Han sende rapporten til dei som var nemnde i rapporten for å få kommentarar frå dei. Frist for å kome med kommentar vart sett til 6. februar. Vi fekk same ettermiddag tilsendt kopi av merknadane og vart bedne om å gå gjennom dei, og i tilfeller der kom nye opplysingar vart vi bedne å ta dei med i rapporten. Vi fekk tilsendt svara frå tidlegare styreleiar Arnulf Goksøyr, tidlegare medlem og nestleiar i styret Stig Remøy og tidlegare prosjektleiar Roger Myklebust. Innspela frå dei nemnde personane var interessante og ga ein del informasjon som er nytta i de oppdaterte rapporten. Der var også ein del informasjon som omhandlar andre forhold enn dei vi har tatt opp, men den informasjonen kan sikkert vere til stor nytte når selskapet i ettertid skal evaluere prosjektet.

Vi har i utgangspunktet bygd vår gjennomgang mykje på det som var protokollert og vedtatt i styret. Vi har ikkje gått gjennom protokollar frå byggemøter eller andre interne møter. Frå innspela vi har mottatt ser vi at i enkelte saker har vore involvert fleire personar enn det som kjem fram av styreprotokollane. Vi nemner mellom anna val av entrepriseform, og vil flette inn nokre av desse opplysingane i rapporten.

2. Kort om Sunnmørsbadet Fosnavåg AS

2.1 Formål

Selskapet vart stifta i 1996, då med namnet Herøy Vartmtvassbasseng AS. Vedtektene for selskapet en endra fleire gongar og i dei gjeldande vedtektene er føremålet med selskapet er i § 3 uttrykt slik: *"Selskapet sitt føremål er å byggje folkebad, bowlinganlegg og trimsenter, eie, drive og leige ut ut folkebad samt drive kiosk og serveringsverksemd. Selskapet er utan økonomisk formål."*

2.2 Eigenkapital

I rekneskapen for 2013 er aksjekapitalen kr 1 400 000, men i tillegg er det ein post som heiter annan innskoten eigenkapital på kr 688 470. Posten gjeld tomt som vart tilført frå Herøy kommune i 2013 utan at det vart gjort endring i aksjefordelinga. Bakgrunnen for dette er eit vedtak i Herøy kommunestyre i 2010, sak 68/10 der det vart bestemt å avstå grunn vederlagsfritt til badeanlegget. Ut frå kartskisse ser det ut som om grunnen som vart avstått berre gjeld det arealet som bygget dekker. Verdien som er nytta i rekneskapen er det beløpet som vart nytta på skøytet som først vart tinglyst 19. mars 2014.

I ekstraordinær generalforsamling 11. september 2014 auka med 7 mill kr til kr 8 400 000. Aksjane er etter utvidinga fordelt slik:

Herøy kommune	4 570 aksjar	54,4 %
Herøy Revmatikarforening	600 aksjar	7,1 %
Herøy Sanitetsforening	600 aksjar	7,1 %
Havila Holding AS	1 315 aksjar	15,7 %
Olympic Shipping AS	<u>1 315 aksjar</u>	<u>15,7 %</u>
Sum	<u>8 400 aksjar</u>	<u>100,0 %</u>

2.3 Styre og dagleg leiar

Etter vedtektene skal selskapet ha 5-7 styremedlemar med personlege varamedlemar. Inntil halvparten av styremedlemane skal veljast av Herøy kommune. Styret i selskapet har dei siste åra vore samsett slik:

Etter ordinær generalforsamling 24.06.2011 var styret samansett slik:

Arnulf Goksøyr, styreleiar
Stig Rune Remøy, nestleiar
Marny Pauline Berge, styremedlem
Karin Margaret Vike, styremedlem
Ingunn Tandberg, styremedlem

Dette styret var uendra til 2014 då Stig Remøy 29. januar melde avgang frå styret. Svein Rune Gjerde rykte då opp frå varamedlem til styremedlem.

I ordinær generalforsamling 30.06.2014 vart desse valde til styremedlemar Marny Berge, Kåre Jensholm og Ingunn Tandberg.

I sak 105/14 den 28.08.2014 peika Herøy kommune ut desse som styremedlemar i selskapet: Tanja Elise Furstrand Rafteseth, Anders Almestad og Bjørn Martin Aasen.

Ved konstituering av styret i møte 06.10.2014 vart Bjørn Martin Aasen valt til ny styreleiar og Anders Almestad ny nestleiar. Anders Almestad trekte seg frå styret etter berre to møter.

Etter ekstraordinær generalforsamling 3. november 2014 og styremøte 11.11.2014 er styret samansett slik:

Bjørn Martin Aasen, styreleiar
Arve Moltubakk, nestleiar
Marny Pauline Berge, styremedlem
Tanja Rafteseth, styremedlem
Hilde Marie Brundgot, styremedlem
Per Kyrre Kvien, styremedlem
Kåre Jensholm, styremedlem

Karl Petter Sorthaug har vore dagleg leiar i heile perioden vi har sett på.

Dagleg leiar har, etter dei opplysingane vi har fått frå han og tidlegare styreleiar Arnulf Goksøyr, hatt ei rolle særleg knytt til utforming av innhaldet i det nye badeanlegget. Byggeprosjektet har vore leda av styret ved styreleiar og innleidd prosjektleiar. Dagleg leiar har hatt ansvar for drifta i innleidd badeanlegg og møtte også normalt i alle styremøte.

2.4 Styrearbeidet

Vi har mottatt referat frå styremøta i 2011, 2012, 2013 og 2014. Dei kopiane av referata som vi har fått er i mange tilfeller ikkje underskrivne, men vi har ikkje fått opplysingar om at dei ikkje er dei originale. Møtefrekvensen har vore svært varierende. I 2011 var det halde 7 møter i perioden januar til august, men ingen seinare på året. I 2012 og 2013 vart det avvikla 3 styremøter kvart år. I 2014 har det vore avvikla ei rekke styremøter, særleg etter sommarferien har møtefrekvensen vore stor.

Vi har særleg sett på styrehandsaminga av prosjektet nytt badeland og vil nedanfor gi eit kort innblikk i kva styret har handsama i den saka.

År 2011

I 2011 var det handsama mange saker vedrørende prosjektering og organisering av prosjektet. Mange av sakene var orienteringssaker som vart tatt til vitande.

Av saker som vart bestemte kan vi nemne:

- Det skal vere driftsmessig skilje mellom badeanlegget og kulturhuset. (sak 15/11)
- Det vart prioritert kva attraksjonar ein skulle ha i anlegget. Bølgebasseng var prioritert som nr 1. (sak 18/11 og 24/11))
- Planane for badelandutbygginga vert vidareført fram til forprosjektstadiet for alle fag. Det vart bede om pris og tidsplan med leveringsdato for detaljprosjektering av alle fag med utgangspunkt i forprosjektet fram til generalentreprise. (sak 29/11)
- Styret gjekk inn for å forlenge avtalen med Herøy kommune om leige av prosjektleiar ressursar på 1 år rekna frå 31.07. (sak 40/11)
- Styret slutta seg til forslag som prosjekteringsgruppa la fram. (sak 44/11)
- Styret bad prosjekteringsgruppa utarbeide forslag til fullprosjektering. (sak 47/11)
- Styret slutta seg til organisasjonsplan for prosjekteringsfasen slik den var oppsett i forslag datert 10.08.11 utarbeid av Roger Myklebust.
- Styret gjekk gjennom tilbod frå Sweco og SE Arkitektur om arkitekt- og prosjekteringstenester. Etter forhandlingar vart det semje om ein fellesavtale med partane, som utgjer Prosjekteringsgruppa. Styreleiar fekk fullmakt til å underteikne tilfredsstillande kontrakt på prosjekteringsarbeida. (sak 51/11)
- Det vart lagt fram eit estimat på kostnadane til prosjektet på vel 170 mill kr med eit forslag til finansiering. Styreleiar fekk fullmakt til å arbeide med finansieringsplanen for anlegget, inkludert sal/utleige av trimsenteret. (sak 53/11)

Det vart i 2011 ikkje halde styremøter etter 12. august.

År 2012

I 2012 vart det halde tre styremøter. I det første møtet, 27. mars var einaste sak som omhandla det nye badeanlegget sak 05/12, der det vart orientert om tidsfristane for innhenting av entreprisar.

Neste styremøte var 20. september, og det var etter tilbudsopning, som var 17. september. For generalentreprisen vart konkurransen avlyst og alle tre tilbydarane vart invitert til ein forhandlingsrunde. (sak 06/12) Også for dei andre faga vart det bestemt at ein skulle forhandle. (sak 07, 08 og 09/12)

I styremøte 3. desember 2012 vart fleire saker vedr byggeprosjektet handsama.

- Dei innkomne tilboda frå entreprenørar og andre tilbydarar vart prioriterte og for alle fekk styreleiar fullmakt til å framforhandle tilfredsstillande kontrakt. (sak 20, 21, 22, og 23/12)
- Budsjett for utstyrskjøp vart sett til 1,5 mill kr inkl mva. (sak 25/12)
- Styreleiar fekk fullmakt til å slutføre arbeidet med tilfredsstillande investerings- og driftsbudsjett. (sak 26 og 27/12)
- Styret bad om at utleige av prosjektleiar for 2013 og 2014 vart tatt opp med Herøy kommune (sak 30/12)
- Styreleiar får pålegg om å utarbeide finansieringsplan og fullmakt til å søkje om kommunal lånegaranti og forskottering av spelemidlar.

År 2013

Også i 2013 vart det halde tre styremøter, 19. mars, 26. oktober og 25. november.

I sak 3 vart investeringsplan for nyanlegget og driftsbudsjett for første driftsår lagt fram. Vi viser til detaljar i avsnitt 4.1 i denne rapporten. Vi oppfattar dette som den endelege styregodkjenninga av byggeprosjektet.

I møte 2 og 3 var også byggesakene oppe og vi viser til avsnitt 4.2 og 4.3 i denne rapporten.

År 2014

I 2014 vart det avvikla mange styremøter, og det vart fleire endringar i samansettinga av styret. Når det gjeld handsaming av byggeprosjektet viser vi til avsnitt 4.3.

2.5 Kommenterarar til styreendringar

Styresamansettinga var lenge stabil, men i 2014 vart det fleire endringar. Vi vil kort kome inn på grunnane til at nokre valde å trekke seg frå styret.

Ved konstituering av styret i styremøte 6. oktober 2014 vart Bjørn Martin Aasen valt til ny styreleiar og Anders Almestad ny nestleiar. 9. oktober meddelte Arnulf Goksøyr at han stilte sin plass i styret til disposisjon for å bruke si tid på andre presserande oppgåver. Tidlegare styreleiar Arnulf Goksøyr opplyser at han meddelte styret ved den nye styreleiaren at han var positiv til å bidra også sjølv om gjekk ut av styret.

Også varamedlem for Goksøyr, Paul Harald Leinebø melde frå 14.10.2014 at han hadde store problem med å vere med i styret, og bad Herøy kommune om å velje ein annan representant.

Også Anders Almestad trekte seg frå styret etter kort tid. I mail av 24. oktober til styreleiar Bjørn Martin Aasen forklarar han grunnen til at han vil tre ut av styret. Han skriv først at det nye styret har arbeid godt med dei store at problema selskapet har, men at aksjonærene har ført selskapet inn i ein politisk dragkamp som vanskeliggjer effektivt og profesjonelt styrearbeid. Han trekte seg derfor som styremedlem, men sa seg viljug til hjelpe selskapet på dei områda han hadde arbeidd.

Stig Remøy trekte seg som styremedlem 29. januar 2014. Han forklarte om grunnen til det i eit innlegg i lokalavisa i juni 2014. Han støtta der prosjektet, men skreiv at han ikkje kunne vere medansvarleg når han ikkje var komfortabel med styringa. Han peikte på at styret ikkje vart informert om prosjektet slik han meinte det skulle bli om framdrift og kostnader. Han meinte også at det vart avvikla for få styremøter sett opp mot det krevjande prosjektet bygging av badelandet er.

I møte med undertekna 15.01.2015 opplyste Stig Remøy at han fleire gongar i andre halvår 2013 og januar 2014 hadde tatt opp ønske om at styret skulle få informasjon om den økonomiske stillinga til prosjektet. Han følte der var lite vilje frå styreleiar til å få fram informasjonen til styret. Etter som han også meinte at styreleiar ikkje kalla inn til styremøte som var avtalt førde det fram til avgjerda om å gå ut av styret.

Merknader frå Arnulf Goksøy 06.02.2015

I sitt notat av 06.02.2015 skriv tidlegare styreleiar Arnulf Goksøy om mange endringar og fortel at for eksempel hadde ein pr 04.12.2013 fått 77 endringsmeldingar. Hausten 2013 fekk styret indikasjonar på overskridingar på om lag 15 mill kr. Han skriv at han hausten 2013 gav uttrykk for at organisasjonen ikkje leverte tilstrekkeleg oversikt over kostnadsutviklinga.

3. Arbeid med prosjektet i tida før bygging var endeleg bestemd

Før år 2010

I 2007 leigde Herøy Næringsforum inn Asplan viak til å gjere ei utgreiing av grunnlaget for å utvide Herøy Fritidsbad. Dette er ei overordna analyse der det ikkje er gått i detaljar, men i rapporten datert 14.01.2008 er ut frå den skissa som er laga og erfaring frå andre liknande anlegg kostnaden sett til ca 100 mill kr.

År 2010

Det vart utarbeid ein forprosjektrapport i 2010 som vi ikkje finn påverkar vårt arbeid.

År 2011

Sweco Norge AS

09.06.2011 utarbeide Sweco Norge AS oppdatert forprosjektkalkyle. Konklusjonen i denne rapporten var at prosjektet kunne realiserast innan ei kostnadsramme på 152 mill kr eks mva. I opplysingane om føresetnader for kalkylen vert det gitt slike opplysingar:

- Prisnivået for 2011 vert nytta
- Prisane som er brukt er erfaringstal og standarder for bransjen
- Påløpte kostnader til prosjektutvikling er ikkje tatt med
- Kostnader til utsmykking, laust utstyr og inventar er ikkje med

- Venta prisstiging er ikkje tatt med, men det er opplyst at fleire leverandørar har varsla prisauke på 5-10 %
- Det er lagt inn ein prosjektreserve på 10 % som skal dekke venta utvikling i prosjektet
- Beløpet for prosjektering er basert på generalentreprise

Sweco ventar at total tilbodssum vil bli kr 120 207 000. Vidare set dei inn eit beløp på kr 12 020 700 som er tillegg for venta utvikling i prosjektet med 10 %. Vidare er det medtatt 20 mill kr for prosjektering og oppfølging. Til saman er dette kr 152 227 700 eks mva.

I punkt 3.4 Andre kostnader i det oppdaterte forprosjektet vert det lista opp desse kostnadane som ikkje er med i kalkylen:

- *Prosjektledelse*
- *Byggeledelse*
- *3.partskontroll*
- *HMA/SHA kordinering byggeplass*
- *Finansiering, forsikring og bankgarantier*
- *Kommunale avgifter*
- *Bi-kostnader (kopiering, reiser, møtekostnader, web-hotell)*

Dette er kostnader som byggherren må estimere og inkludere i sitt budsjett.

Som ein ser ut frå føresetnadane som Sweco har lagt inn må kostnadar til prosjektutvikling og prisstiging leggst til i tillegg til kostnadane til det som er lista opp i punkt 3.4.

Styrehandsaming

I styremøte 12. august 2011 sak 53/11 blir kostnadsbildet i prosjektet oppsummert slik:

Herøy Varmtvassbasseng A/S	
Prosjektutvikling pr. aug.2011	7 453 500
Sweco Norge AS	
Forprosjektkalkyle pr. juni 2011	152 227 700
RS (ikkje medtekne kostnader)	2 000 000
Forventa prisstiging 2012-2013 (5,5 % av kalkyle + RS)	<u>8 482 800</u>
Tilsaman	<u>170 164 000</u>

I denne saka gjer styret ei vedtak og nedanfor set vi inn del 1: *"Styret sluttar seg i store trekk til det framlagde oppsettet for kostnadane ved badeanlegget. Styret er innforstått med at det kan bli nokre justeringar av det talgrunlaget gjennom møtet med Fokus Rekneskap."*

Etter møtet er det gjort denne påskrifta signert av Roger Myklebust til referatet frå styremøtet: *"Etter møtet har Fokus Rekneskap utarbeid investerings- og driftsbudsjett til handsaming i Herøy Næringsforum og Herøy formannskap som er dagsett 15.08.11. Desse dokumenta er unntatt off. fylgjer utsendinga av saka som vedlegg nr. 6."*

I kostnadsoverslag utarbeid av Stig Vestnes i Fokus Rekneskap 15.08.2011 er kostnaden til utviding av badeanlegget sett til 170 mill kr. Det går ikkje frå korleis dette talet er samansett. Vi går ut frå at det bygg på same oppstilling som styret handsama i sak 53/11 og viser også til opplysingane frå rekneskapsførar der han opplyser at talet for investeringskostnaden har han fått frå styreleiar Arnulf Goksøyr. Stig Vestnes opplyser at han sjølv ikkje har gjort kalkulasjonar av kostnaden eller sett grunnlaget.

I oppsettet brukt i styremøtet ser vi at det er medtatt ein post på 2 mill kr for ikkje medtekne kostnader. Dette skal dekke inventar og laust utstyr og alle kostnadene som er nemnde i punkt 3.4 i rapporten frå Sweco og sitert ovanfor. Etter vår meining burde det alt på det tidspunktet vore klart at eit beløp på 2 mill kr er altfor lite til å dekke desse kostnadane. Historia viser at desse punkta vart svært kostbare. Alt kunne ein ikkje sjå i 2011, men vi kan ikkje sjå frå papira vi har hatt at det er gjort kalkulasjonar kva dei einskilde postane ville kome på.

År 2012

Frå dei tre styreprotokollane frå 2012 ser vi at det vart arbeid med tilbod og forhandlingar med aktuelle leverandørar og kontraktsmessige forhold.

I styremøte 20. september sak 6 vert det opplyst at det er innkomne tre rettidige tilbod på generalentreprise. Det vert konkludert med at konkurransen vert avlyst og at dei tre tilbydarane vert invitert til ei forhandlingsrunde.

I sak 7 vert det opplyst at det var kome inn eitt tilbod på totalentreprise stålbasseng. Det vart konkludert med at dagleg leiar/prosjektleiar skulle ta ein avklaringsrunde med tilbydar.

Sak 8 om totalentreprise vannrenseanlegg og bølgeteknikk fortel at der var kome 3 rettidige tilbod. Det vart lagt opp til forhandlingsrunde med alle tre leverandørane.

I sak 9 om vannsklie vart det opplyst at ein hadde fått inn 2 tilbod. Styret kokluderte her slik: *"Det vert lagt opp til at dagleg leiar/prosjektleiar tar kontakt med tilbydar for å få til ei funksjonsmessig/estetisk forbedring av løysing herunder også klarare grensesnitt mot øvrige entrepriser."*

I styremøte 3. desember 2012 vart det lagt fram oversikt over dei innkomne tilboda etter at dei var revidert. Det vart gjort val av tilbydar og for alle vart det gitt fullmakt til styreleiar å framforhandle tilfredsstillande kontrakt. I følgje protokollane var desse valde:

Generalentreprise	
Christie & Opsahl AS	141 845 023
Totalentreprise vannrenseanlegg og bølgeteknikk	
HOH AS	6 790 623
Vannsklie	
Leverandør ikkje oppgitt	966 000
Stålbasseng	
Leverandør ikkje oppgitt	1 325 000
Utstyr var budsjettert med	1 500 000

Det var ikkje gjort oppsummering av kostnadane i styreprotokollen, men til saman utgjer desse postane kr 152 426 646.

4. Kostnadsoverslag og finansiering då bygging vart bestemd

4.1 Kostnadsbudsjett

I styresak 26/12 frå styremøte 3. desember 2012 var investeringsbudsjett oppe. Det vart protokollert at dette er under arbeid og styret gav styreleiar fullmakt til å slutføre arbeidet med utarbeiding av tilfredsstillande investeringsbudsjett.

I styremøte 19. mars 2013 sak 3 er det gjort slikt handsaming:

Investeringsplan for nyanlegget og driftsplan/driftsbudsjett for fyrste driftsår 2015, begge dagsett 20.02.13 og utarbeidd av Fokus Rekneskap vart framlagt.

Planane var oppsett i to alternativ slik at dei skulle synleggjere konsekvensane både om det ville verte sal eller utleige av treningsstudioet i 2. etg. Dette ettersom det enno ikkje var endeleg avklara kva løysing som ville verte vald.

Sakene vart drøfta, og det vart deretter gjort slikt Vedtak:

- 1. Styret godkjenner dei utarbeidde forslag til investerings- og driftsplanar av 20.02.13.*
- 2. Ved evt revisjonar av desse, så reknar styret med å få seg forelagt dette på vanleg måte.*

Ut frå opplysingane vi har fått frå Fokus Rekneskap AS v/ Stig Vestnes forstår vi det slik at det er kalkyle utarbeid 04.01.2013 som ligg til grunn for styrevedtaket. Denne viser eit kostnadsoverslag på totalt kr 179 715 623 eks. mva. Vedlegg nr 1. Vidare kommentarar og vurderingar av endringar er gjort med utgangspunkt i dette overslaget for kostnader og finansiering.

Kostnadsoverslaget datert 04.01.2013 ser ut til dels å vere basert på dei innkomne tilboda og dels på meir frie vurderingar. I møte med tidlegare styreleiar Arnulf Goksøyr 15.01.2015 oppfatta vi han slik at talet på 160 mill kr for hovudentreprise/prosjektering var samansett av tilbodet frå Christie & Opsahl og 20 mill kr som Sweco hadde lagt inn i si kalkyle for prosjektering. Det vart runda nedover med ca 2 mill kr, for på det tidspunktet hadde dei samtaler med C&O om innsparingar.

Det er medtatt beløp for nokre av dei postane som Sweco opplyste ikkje var med i kalkylen som dei sette opp. Sjå ovanfor. Vi har ikkje grunnlag for å etterprøve dei vurderingane som var gjort då, men ser at beløpa vart altfor lave. Vi har heller ikkje sett at der var konkrete grunnlag for budsjettpostane.

I kostnadsoppsettet som vart presentert for styret i august 2011 var prosjektutviklingskostnadane pr dato tatt inn som ein eigen post. I kostnadsoverslaget datert 04.01.2013 er dette ikkje medtatt. Rekneskapen pr 31.12.2012 viser at det til då var bokført kostnader på kr 25 927 295 på kontoen for det nye badeanlegget. Ein del av kostnadane kan ligge inne i posten som gjeld prosjektering, og som er inkludert i hovudposten på 160 mill kr, men langt frå alt. Vi har summert bokførde kostnadar som er knytt til Prosjekteringsgruppa og ført i rekneskapen pr 31.12.2012 slik:

SE Arkitektur	9 561 406
Sweco	<u>14 366 973</u>
Sum	<u>23 928 379</u>

Som ein ser var kostnaden til Prosjekteringsgruppa alt 31.12.2012 ca 4 mill høgre enn det som totalt var avsett i overslaget Sweco laga i 2011, og som vart brukt vidare i kostnadsoverslaget datert 04.01.2013. Det er alt no for lite avsett til prosjektering og der er ingen budsjettpost som dekkjer dei andre generelle kostnadane.

Det er heller ikkje tatt hensyn til at ein ikkje får frådrag for meirverdiavgift for investeringskostnaden som trimsenter, anten den vert seld eller leigd ut. Salgssummen er i budsjettet sett til 10 mill kr, og reknar ein det også som kostpris vert kostnaden til meirverdiavgift 2,5 mill kr. Sjå også avsnitt 12.

Det er ikkje no i etterkant mogeleg eksakt å slå fast kor stor mykje meir som burde ha vore med på budsjettet på det tidspunktet det vart sett opp, men analysane og opplysingane ovanfor viser at alt rundt årsskiftet 2012/2013 var det klart at totalkostnaden for badeanlegget ville bli langt høgre enn 180 mill kr.

4.2 Planar for finansiering

I vedlegg 1 er det sett opp ein finansieringsplan og lånebehovet er utrekna til ca 16 mill kr. I tillegg vert det opplyst at selskapet frå før har eit lån på ca 9,2 mill kr, slik samla lån ved ferdig anlegg vil bli ca 25,2 mill kr.

I finansieringsplanen er det lagt inn at lokalet som skal brukast til treningscenter skal seljast for 10 mill kr, men det er merka alternativ utleige. I tilfelle utleige må også dette finansierast.

Bruk av RDA-midlar var tatt med i finansieringsplanen med 100 mill kr. Av dette var 10 mill kr sett opp til å gjelde uteområdet. Dette er seinare søkt omdisponert til sjølve anlegget, og frå Herøy Næringsforum får vi no opplyst at det er godkjent.

I finansieringsplanen var kommunale midlar medtatt med 35 mill kr. Kostnader med uteområdet var tatt inn i prosjektet og vi har forstått det slik at Herøy kommune skulle dekke dette. Vi viser til avsnitt 5.

Tippemidlar var medtatt med 11,7 mill kr. Det vart etter kvart innvilga spelemidlar med 14,1 mill kr. Herøy kommune har vedtatt forskotering med 12 mill kr, slik denne posten er på plass.

Tilskot frå sal av masser er eit usikkert element. Både fordi det er usikkert om kven som eig massen og der har heller ikkje kome inntekter enno. Jfr avsnitt 5.3.

Renteinntekter frå RDA konto er medtatt med 2 mill kr. Pr 31.12.204 hadde selskapet blitt godskrive med ca 4,7 mill kr, so denne posten held godt.

4.3 Styret si handsaming av investeringsbudsjettet

Møte 2/2013

Styret godkjende investeringsplanen på knapt 180 mill kr i sitt møte 19. mars 2013. Neste styremøte var 26. oktober 2013 og i sak 6 Økonomi og utbygging vart det orientert om kontraktar og rutinar rundt bygginga. Det vart også frå styret uttrykt ønske om ein breiare gjennomgang av saka på neste møte og det vart gjort slik vedtak: *"Det er viktig at styret på neste møte får seg forelagt ein samla status av prosjektet både økonomisk og framdriftsmessig."*

I møtet, sak 8 vart også renovering av barnebassenget handsama. Pooltech hadde gitt ein pris på kr 350 000, men ein del bygningsmessige arbeider ville kome i tillegg: saka vart ikkje realitetshandsama for styret ville ha oversikt over dei samla kostnadane.

Kommentar frå Stig Remøy 05.02.2015

Stig Remøy skriv 05.02.2015 at det i møtet vart orientert om små overskridingar på 2-4 mill kr. Han skriv også at han ikkje var komfortabel med situasjonen og bad om månadlege styremøter framover.

Møte 3/2013

I styremøte nr 3/2013, som vart avvikla 25. november er det orientert om og handsama fleire saker som gjeld nye kontraktar og endringar i andre.

Nedanfor set vi inn ei samanlikning mellom dei kostnadane som var inntatt i styrereferatet 03.12.2012 og inngåtte avtaler opplyst i sak 12 i styremøtet 25.11.2013:

	<u>Inngåtte avtaler</u>
Christie & Opsahl AS	147 314 023
HOH AS	8 506 006
Vannsklie/Norslide	1 342 440
Stålbasseng/Pooltech AS	<u>1 490 303</u>
Tils	<u>158 652 772</u>

Det vert vidare opplyst at det er inngått avtale med Hammerø & Storvik AS om byggeleiing og Herøy kommune om prosjektleiing. Kostnader for dette er basert på medgått tid.

I desember 2012 var tilboda frå tilbydarane oppgitt til å vere:

Christie & Opsahl AS	141 845 023
HOH AS	6 790 623
Vannsklie/Norslide	966 000
Stålbasseng/Pooltech AS	1 325 000

Tala i oppstillinga er ikkje direkte samanliknbare, for det i løpet av det året som har gått mellom dei første kontraktane og dei endeleg inngåtte avtalane har prosjektet gått gjennom ei utvikling, og der er gjort endringar som har fått økonomiske konsekvensar.

I sak 14 vert det gjennomgått endringsmeldingar med kostnadmessige konsekvensar for prosjektet. Oppsettet utarbeid av Hammerø & Storvik viser eit antatt beløp på ca 14,8 mill kr for auka kostnader. Der var mange usikre forhold og styret vedtok at dei ville på nyåret ha seg framlagt ny økonomistatus basert på reelt talgrunnlag.

Styret vedtok i sak 15 renovering av barnebassenget med eit kostnadsanslag på kr 903 800.

Sak 21 Finansieringsplan og likviditet vart vedtatt utsett. Sjølv om alle element i finansieringsplanen ikkje var på plass vedtok styret i sak 22 å ta opp eit lån på 35 mill kr.

Kommentar frå Stig Remøy 05.02.2015

Stig Remøy skriv at i møtet presenterte H&S overskridingar på 22-23 mill kr. Han kommenterar at protokollen frå møtet ikkje gjengir dette talet.

Kommentar frå Arnulf Goksøyr 06.02.2015

I sine kommentarar til situasjonen hausten 2013 skriv Arnulf Goksøyr mellom anna dette:

"I møter oktober og november 2013 fekk vi nokre indikasjonar på overskridingane sitt omfang. Desse var då slik eg husker om lag 15 mill kroner. Hammerø & Storvik møtte med to representantar for å orientere styret om økonomi så langt i prosjektet. Styret trekte kostnadane som var lagt fram av Hammerø & Storvik i tvil og såg at der var manglar i rapporten som ville gi høgare kostnader.

Eg gav uttrykk for at organisasjonen ikkje leverte tilstrekkelig oversikt over kostnadsutviklinga. Det var utilfredstillande å ikkje kunne sjå tal og konsekvensar i ein samanheng. Det var openbart behov for å styrke prosjektet i fleire ledd."

År 2014

Møte 1/2014

Første styremøte i 2014 vart halde 14. februar. I sak 2 vart det frå Fokus Regnskap AS lagt fram ein rekneskap som viste forbruket av kostnader til prosjektet. Det vart presisert at dette viste forbruket, men ikkje gav nokon oversikt over dei samla kostnadar fram til fullføring. Det er vidare protokollert slik:

"For oversikt over samla kostnader må difor talmateriellet i denne rekneskapen samordnast med endringar og forpliktelser som skjer på byggeplassen. Slik samordning/prosjektrekneskap som vil vere nødvendig for å sikre gjennomføringa av prosjektet vil verte prioritert til neste styremøte. Vedtak: Saka vert utsett til neste møte."

Av saker som medfører auke i byggekostnaden har ein i sak 5 vedtatt skifting av betongdekke rundt det gamle bassenget med estimert kostnad på ca kr 710 000.

Møte 2/2014

Neste styremøte vart avvikla 14. mars, nr 2/2014. Til sak 17 Investerings- og finansieringsbudsjett var det lagt fram nye budsjett utarbeid av Fokus Regnskap AS. Kostnadsramma på dette var kr 213.168.932 eks. mva og kr 266.198.365 inkl. mva. Styret gjorde slikt vedtak:

- 1. Styret godkjenner at utarbeidd forslag til revidert investeringsbudsjett av 14.03.14 frå Fokus Rekneskap vert å legge til grunn i det vidare arbeidet med gjennomføring av utbyggingsplanane.*
- 2. Styret godkjenner at utarbeidd forslag til finansieringsbudsjett av 13.03.14 frå Fokus Rekneskap vert å legge til grunn i det vidare arbeidet med å få på plass revidert finansieringsplan for prosjektet. Dette inneber godkjenning av at det vert laga ny søknad om RDA midlar, søkt Herøy kommune om utvida lånegaranti, og at prosessen med å skaffe ny aksjekapital til selskapet vert iverksett. Herunder også andre evt. nødvendige tiltak for å få på plass nødvendig finansieringsplan.*
- 3. Med tilvisning til pkt.2 så gjev styret også fullmakter til styreleiar for å iverksetje nødvendige prosessar for å få fram tilfredsstillande finansieringsplan.*

Møte 3/2014

I sak 21 Statusrapport i styremøte nr 3, 12. mai 2014 vart det lagt fram ei statusrapport frå Hammerø & Storvik. Frå denne rapporten gjekk det fram at forventa sluttkostnad for prosjektet vert kt 216.012.540 eks. mva.

Møte 7/2014

I møtet 6. oktober 2014 møtte i tillegg til heile styret dagleg leiar Karl Petter Sortehaug, rekneskapsførar Stig Vestnes og prosjektleiar Ola Halkjelsvik frå Hammerø & Storvik. Frå styrereferatet ser vi at det i sak 39 vart gitt ei orientering frå Ola Halkjelsvik om framdrift og økonomi i prosjektet. Orienteringa vart tatt til vitande, men det går ikkje fram frå protokollen kva den inneheldt.

I sine kommentarar datert 06.02.2015 skriv tidlegare styreleiar Arnulf Goksøyr dette: *"Den siste dagen eg møtte i styremøte 6. oktober 2014 vart det presentert eit nytt kostnadsoppsett av H&S som var på samla 228 mill. Framlegginga av tala var ei selsom oppleving saman med resten av møtet."*

Møte 8/2014

Styremøte 22.10.2014 handsama styret i sak 51 "Investeringsbudsjett datert 22.10.14" frå rekneskapsførar. Styret skriv at dei tek dei framlagde tala til vitande og konstaterer at det samla prosjektet under visse føresetnader har ein samla kostnad på 241 mill kr eks mva. Styret skriv at i dette beløpet er inkludert 8 mill kr som uføresette kostnader knytt til konflikhtar knytt til gjennomføring av kontraktar og fakturering.

I sak 59 vart oppdatert finansieringsplan handsama. I det høvet konstaterer styret at under føresetnad av at dei søknadane dei tidlegare har sendt vert godkjende har dei ei finansiering på 210,5 mill kr og behovet for ytterlegare finansiering er 30,5 mill kr.

Det var vedtatt å kalle inn til ekstraordinær generalforsamling 03.11.2014 for å orientere aksjonærane. Styret vil fram til generalforsamlinga arbeide med framlegg til alternative måtar å løyse selskapet sin finansielle situasjon. Ein skulle også arbeide med å redusere usikkerheit og samla kostnader.

Møte 9/2014

I møtet 29.10.2014 var prosjektet sin kostnad og finansiering på nytt handsama i sak 62 og 63. Ut frå opplysingar styret hadde fått rekna dei med at samla kostnad vert 236 mill kr eks mva. Styret understrekar at det er stor usikkerheit knytt til anslaget. Styret vurderte også at ut frå driftsbudsjett 2015 kan selskapet handtere ei lånegjeld på 25 mill kr. Behovet for ekstra finansiering vert dermed 45,5 mill kr.

5. Uteområde medtatt i investeringsplanen

5.1. Tomt

I den opphavlege investeringsplanen er tomtkostnader sett til kr 0. I rekneskapan er tomt førd med kr 688 470. Posten gjeld tomt som vart tilført frå Herøy kommune i 2013 utan anna vederlag enn at det som motpost var ført opp same beløp som annen innskoten eigenkapital. Bakgrunnen for dette er eit vedtak i Herøy kommunestyre i 2010, sak 68/10 der det vart bestemt å avstå grunn vederlagsfritt til badeanlegget. Ut frå kartskisse ser det ut som om grunnen som vart avstått berre gjeld det arealet som bygget dekker. Verdien som er nytta i rekneskapan er det beløpet som vart nytta på skøytet som først vart tinglyst 19. mars 2014.

5.2 Grunnarbeid

Vi ser at arbeid med grunn og området rundt er medtatt i tilbudet frå Christie & Opsahl AS. I generalentreprisen med totalsum kr 147 065 809 (eks mva) er utandørsfaga (bok 70 i kontakta) medtatt med kr 20 075 695.

Vi har fått opplyst at tomta som Sunnmørsbadet eig er avgrensa til arealet som bygget dekkjer. Resten av området rundt er eigd av Herøy Kommune. Slik vi les kontrakten med C & O gjeld ein stor del av kostnadane medtatt under utandørsfaga den grunnen som Sunnmørsbadet ikkje eig. Vi har frå tidlegare styreleiar Arnulf Goksøyrr fått opplyst at dei kostnadane som gjeld område utanfor sjølve bygget vil bli dekt av kommunen og at dei vil bli trekt ut frå den avtalen som Sunnmørsbadet har med C & O og fakturert direkte til Herøy Kommune. Tilskotet frå kommunen har vi forstått var meint å gå til dekking av desse kostnadane.

Vi har enno ikkje oversikt over kor store desse kostnadane er, men gjer ikkje meir med dette då Sunnmørsbadet Fosnavåg AS og Herøy kommune arbeider med å avklare forholda.

5.3 Overskotsmasse

I kontrakten er det mellom anna to postar som gjeld opplasting og transport til deponi av sprengt stein (postane 71.711.05.5 og 71.711.05.06). Volumet er i kontrakten medtatt med 60 996 m³ og prisen for opplasting er sett til kr 16,28 for opplasting og kr 5,43 for transport til deponi. I bok 0 er det forutsett at denne massen ikkje skal transporterast lenger enn 3 km for denne prisen. Total kostnad innlagt i kontakt for opplasting og transport av sprengt stein er kr 1 323 549.

Vi gjeng ut frå at denne overskotsmassen har ein økonomisk verdi ved seinare sal eller bruk. Kven som skal ha denne inntekta er truleg avhengig av fordelinga av kostnadane mellom Sunnmørsbadet og Herøy kommune.

I styresak 13/12 står dette om overskotsmasser: *"Samferdelsutvalet har i møte 05.09.12 gitt løyve til at overskotsmasser frå bygginga av badeland kan nyttast til ny innfartsveg. Utviklingsavdelinga vil sørge for at reguleringsplanen vert framlagt for kommunestyret til godkjenning snarast råd."*

Dette kan tyde på at handsaming av overskotsmassane vart sett på som ei kommunal sak. Dette ser likevel ut til å vere ein del av tilbudet frå C&O til Sunnmørsbadet.

I finansieringsplanane, både den opphavlege frå 04.01.2013 og den siste frå 10.01.2015 er salg av masser oppført med 5 mill kr. Vi ser at dette har vore oppe i fleire styremøter og det er blitt nemnd av personar vi har snakka med i forbindelse med finansiering av badeanlegget. Pr januar 2015 kan vi ikkje sjå at der er kome inntekter frå overskotsmasse. For oss er det heller ikkje klart kven som skal få inntekta dersom det er Herøy kommune som skal dekke kostnadane til arbeidet med uteområdet.

6. Analyse av endringar i investeringskalkyle

Vi har forstått det slik at kalkylen datert 04.01.2013 var den som vart lagt til grunn då bygginga var endeleg vedtatt i styret og godkjent i Herøy kommunestyre. Vi har sett den opp mot dei tala som var med i den kalkylen som var utarbeid 12.01.2015 for på den måten å finne ut kva som er blitt endra frå det utgangspunktet til det som no ser ut til å verte kostnaden. Kalkylane og samanstillinga ligg ved som vedlegg nr 2.

Samanstillinga viser at dei største aukane kjem på desse felta:

- Hovudentreprise var i det første budsjettet sett saman med prosjektering til 160 mill kr. Det er i vår samlikning gjort ei deling av beløpet med 142 mill kr på hovudentreprise og 18 mill kr på prosjektering. Dette ut frå tilbodet selskapet hadde fått på hovudentreprise. Auken i kostnadane til hovudentreprenør er ca 29 mill kr.
- Kostnadene med vannrenseanlegg, sklie og gammalt basseng vart ca 3,25 mill kr dyrare enn det som var rekna med då prosjektet vart starta.
- I det siste budsjettet er forprosjekt medtatt med ca 6,9 mill kr og prosjektkostnader tidleg fase 1,6 mill kr, til saman 8,5 mill kr. Dette var ikkje med i den første kalkylen.
- Detaljprosjektering, prosjektering ved Sweco og SE Arkitektur er i overslaget datert 12.01.2015 medtatt med totalt ca 25,2 mill kr. I overslaget 04.01.2013 var ikkje desse postane med, men i fordelinga (sjå første punkt) har vi sett det til 18 mill kr. Auken i forhold til budsjettet blir då vel 7 mill kr.
- Det andre som er kalla generelle kostnadane skal dekke byggeledelse, administrasjon og ein del andre kostnader. I det opphavlege budsjettet var desse sett til 1,5 mill kr, men er i budsjettet av 12.01.2015 har kome opp i 12,4 mill kr. Ei auke på 10,9 mill kr.
- Desse postane var ikkje med i det første budsjettet: Finanskostnader 0,5 mill kr, Åpningsmarkering 0,1 mill kr og meirverdiavgift ein ikkje får frådrag for vedr treningscenteret 2,75 mill kr. Til saman 3,35 mill kr.
- Margin og reserve var i det opphavlege budsjettet sett til 6,4 mill kr. I det siste budsjettet er det 8 mill kr. Her kan det vere ei overdekking etter som ein er nær fullføring, men i eit prosjekt med so mange overskridingar er det vanskeleg å få den totale oversikta.

7. Utarbeiding av budsjett og kalkylar

Det har slik vi ser det frå styrereferata vore laga svært få totaloversiktar for investeringskostnadane og finansieringa av det nye badeanlegget. Vi viser til gjennomgangen i punkt 4 og opplysingane frå Fokus Regnskap AS inntatt i punkt 6.1. nedanfor.

Etter at prosjektet vart vedtatt sett i gang basert på kostnadsoverslaget og finansieringsplanen datert 04.01.2013 kan vi ikkje på noko tidspunkt før seint i 2014 finne eit kostnadsoverslag som ser ut til å få med alle kostnadane. Gjennomgangen i punkt 4 viser at alt på det tidspunktet budsjettet vart vedtatt, var det for lavt budsjettet og styrereferata viser at det seinare også har kom auke i kostnadane. Spørsmålet om nye budsjett vart i styret utsett fleire gongar med den konsekvens at styret ikkje hadde ein full

oversikt over kostnadsbilete. Utan ein slik oversikt hadde styret heller ikkje oversikt over finansieringa.

Mangelen på oppdaterte kostnadsbudsjett og finansieringsplaner gjorde at ei samla oversikt over prosjektet og selskapet si stillinga mangla. Vi meier det var svært uheldig og truleg i strid med krava i Aksjelova til forvaltning av eit aksjeselskap.

Etter Aksjelova § 6-12 høyrer forvaltninga av selskapet under styret. Styret skal sørge for forsvarleg organisering av verksemda. Dagleg leiar står etter lova for den daglege leiing etter retningslinjer gitt av styret. Her var slik vi forstår det dagleg leiar sett på sidelinja når det gjeld organisering og gjennomføring av bygging av det nye badeanlegget. Tidlegare styreleiar Arnulf Goksøyr tok slik vi les styrereferata på seg det aller meste av ansvaret i den saka.

7.1. Bistand frå Fokus Regnskap AS

Frå styrereferata kan ein lese at investeringsplan og driftsbudsjett var utarbeid av Fokus Regnskap ved Stig Vestnes. For å avklare rolla til rekneskapsfører bad vi om ei forklaring på kva dei hadde gjort i samband med utarbeiding av kalkylane. Vi fekk 12.12.2014 eit notat frå rekneskapsfører med klargjering av kva rolle dei har hatt ved utarbeiding av budsjett for Sunnmørsbadet Fosnavåg AS. Vi vil nedanfor referer delar av det som vart opplyst.

Generelt

Rekneskapsfører opplyser at han aldri har framskaffa grunnlag for investeringsbudsjetta. Alle opplysningane om investeringar har han fått frå tidlegare styreleiar Arnulf Goksøyr. Rekneskapsfører seier at dei har bistått med å sette opp investeringsbudsjett og finansieringsplan basert på mottatte opplysingar.

Stig Vestnes opplyser også at dei driftsbudsjetta han sette opp vart laga i samråd og samarbeid med dagleg leidar i Sunnmørsbadet Fosnavåg AS, Karl Petter Sortehaug.

År 2009

21. oktober 2009 sette rekneskapsfører opp eit driftsbudsjett for eit nytt badeland. Forutsetninga var då investering på 110 mill kr og tilskot på kr 75 mill kr. Det vart lagt inn eit lånebehov på 35 mill kr og budsjettet viste eit underskot på kr 850 000. seinare same månad, 31.10.09 laga dei eit nytt driftsbudsjett med ein anna driftsmodell og investering på 80 mill kr. Dette viste positivt årsresultat. Rekneskapsfører hadde inntrykk av at desse budsjettmodellane vart gjorde for å finne ut kor stor investering selskapet kunne tole. Det vart på dette tidspunktet ikkje laga noko form for investeringsbudsjett.

År 2011

15. august 2011 laga rekneskapsfører eit driftsbudsjett for eit driftsår. Til grunn for dette la ein opplysingar frå styreleiar om ein total investeringskostnad på 170 mill kr og av det tekniske anlegg på 68 mill kr. Rekneskapsfører skriv at han oppfatta det slik at dette var tal frå Asplan Viak og at hans bruk av tala var berre til å lage driftsbudsjett og plan for finansiering.

Også når det gjeld finansieringsplanen bygde Fokus Rekneskap AS på opplysningane dei fekk frå dagleg leidar utan sjølv å undersøke noko. Rekneskapsfører skriv at oppgåva var å sette opp driftsbudsjett ut frå dei opplysningane dei fekk.

År 2012

18. desember 2012 oppdaterte rekneskapsfører driftsbudsjett og finansieringsplan. Det vart då også sett opp ei oversikt over investeringskostnaden. Stig Vestnes opplyser at dette vart gjort på grunnlag av opplysingar han fekk frå tidlegare styreleiar Arnulf Goksøyr og at han ikkje hadde grunnlag for å kontrollere opplysingane. Han rekna det heller ikkje som si oppgåve. Totalkostnaden i denne oversikta var kr 179 715 623 eksklusive meirverdiavgift.

Det vart på grunnlag av opplysningane utarbeid driftsbudsjett i to utgåver, ei med utleige av lokala til treningssenter og eit med sal av den seksjonen for 10 mill kr. Rekneskapsfører opplyser at han brukte ein rentesats på 3,1 % og løpetid over 30 år for låna. Lånebeløpet var sett til 35 mill kr ved utleige av lokala til treningssenter og 25 mill kr ved sal av lokala. Desse rapportane er merka utarbeid 4.1.2013, som er den dagen dei vart sende til styreleiar i Sunnmørsbadet Fosnavåg AS.

Stig Vestnes opplyser at han hausten 2013 fekk tilsendt nokre av hovudkontraktane, og det var første gang han hadde noko å samanlikne med. Han opplyser også at på det tidspunkt hadde prosjekteringsgruppa sendt fakturaer på over 24 mill kr. Han hadde då ingen kunnskap om avtalar eller prognoser på dette.

År 2014

Rekneskapsfører vart i februar 2014 av styreleiar beden om å bistå med å endre investeringsbudsjett, finansieringsplan og driftsbudsjett. Han fekk då også sjå statusrapporten til Hammerø & Storvik av 13.02.2014 som viste ein forventa sluttkostnad på kr 184 661 909.

13. mars sende rekneskapsfører eit nytt utkast til investeringsbudsjett til styreleiar med ein totalkostnad på kr 221 940 507 eks mva og finansieringskostnader. Etter dialog med styreleiar vart nokre tal justert og ny totalkostnad var kalkulert til kr 213 168 692 eks mva og finanskostnader. Det vart då også sett opp ny finansieringsplan som foreslo ny aksjekapital på 7,8 mill kr, nytt lån på 21,2 mill kr og 30 mill kr i nye RDA-midlar. Stig Vestnes opplyser at styret i sitt vidare arbeid brukte ein investeringskostnad på 215 mill kr.

Kommentar frå Arnulf Goksøyr 06.02.2015

I sin kommentar til dette skriv tidlegare styreleiar Arnulf Goksøyr: "13. mars sende rekneskapsfører eit nytt arbeidsutkast. Dette vart drøfta og gjennomgått i møte pr mail og pr telefon mellom Stig Vestnes og styreleiar. Endeleg budsjettforslag er datert 14. mars 2014."

8. Søknader til Herøy kommune

10.01.2013 sende Sunnmørsbadet Fosnavåg AS ved styreleiar Arnulf Goksøyr ein søknad til Herøy kommune om auka lånegaranti og forskottering av tippemidlar. Som vedlegg til søknaden var kostnadsoverslaget oppsett av rekneskapsfører 04.01.2013 nytta. Vedlegg nr 1.

Etter tilråding frå formannskapet 22.01.2013 vedtok Herøy kommunestyre 31.01.2013 dette:

1. Herøy kommune vil yte ein kommunal lånegaranti (simpel kausjon eller selvskyldnerkausjon) på inntil 35,0 mill kr.
2. Herøy kommune forskotterer tippemidlane som omsøkt.

9. Bruk av entrepriseform og kontraktar

9.1 Entrepriseform

9.1.1 Innspel frå Roger Myklebust 05.02.2015

Roger Myklebust opplyser at det vart halde 10 prosjekteringsmøter i perioden september 2009 til mars 2010. Frå møtet 25.05.2010 refererar han at i oppsummeringa av møtet gjekk det fram at ein heldt fast på å vidareføre arbeidet med delt eller generalentreprise. I dei seinare forprosjektmøta vart det ikkje gjort nokon endeleg konklusjon. Han viser til møte med Drammensbadet 06.09.2010, som hadde nytta totalentreprise og var godt nøgd, men ville likevel fråråde å sende eit slikt prosjekt over til entreprenør utan prosjektering. Myklebust viser også til møte med Veidekke Entreprenør AS 13.09.2010 der entreprenøren opplyste at dei meinte at eit så komplisert prosjekt var lite eigna for totalentreprise.

Roger Myklebust opplyser at det vart halde eit internmøte 13.09.10 med byggherre (kven som var med i møtet vart ikkje opplyst) der det vart gjort ei oppsummering vedr vidare arbeid og entrepriseform. Frå det som ser ut til å vere eit referat frå møtet står det punkt 1: *"Det vert teke kontakt med SE Arkitektur med siktemål å få dei med på det skisserte opplegget basert på generalentreprise med tilbod frå entreprenør før detaljprosjektering."* I vidare kontakter mellom byggherre og prosjekteringsgruppa vart det avklart at detaljprosjektering måtte gjerast for kunne få ein fast pris (generalentreprise). Det vart inngått avtale om detaljprosjektering, mottatt 08.07.11, revidert 02.09.11 og som fekk si endelege form 25.11.2011.

Roger Myklebust kommenterar også at det vi i rapporten punkt 14.3 og 16 tar opp om entrepriseform og organisasjon i selskapet slik:

"Slik eg ser det burde byggherre sin organisasjon vore utvida etter kvart som behov og arbeidsmengde tilseier dette. Konf her elles pkt ovenfor.

Dette vil vere ein del av å gjennomføre slikt arbeid at ein vurderer bemanning/kompetanse er rett i dei ulike fasene.

Betydninga av byggherren sin organisasjon når det gjeld resursar når det gjeld eigne og tilført kompetanse i dei ulike fasane vurderer ein som viktigare enn valt entrepriseform i denne saka."

9.1.2 Innspel frå Stig Remøy 05.02.2015

Styremedlem Stig Remøy opplyser i sitt notat at styret brukt faghjelp frå ADV og FDV Consulting i tillegg til Sweco for å sikre kompetanse og kvalitet ved inngåing av kontrakt.

Stig Remøy skriver at han i styremøte i oktober 2013 stilte spørsmål om kven som utgjorde den daglege ledelsen av prosjektet. Han gir dette referatet av svaret:

"Roger Myklebust er ansatt som Prosjektleder, Karl Petter Sortehaug skulle følgje opp det tekniske og Arnulf med overordnet godkjenning. Dette var bestemt utan vedtak frå styret. Det ble da stilt spørsmål frå min side om kompetansen. Kompleksiteten i dette store anlegget ble også påpekt. Styreleder viste til at det var gjort avtale med Hammerø & Storvik som byggeleder og det var avtalt pris."

9.1.3 Innspel frå Arnulf Goksøyr 06.02.2012

I ein kommentar til dette punktet skriv Arnulf Goksøyr dette:

"Val av entreprisform vart avgjort etter mange vurderingar over svært lang tid. Sweco hadde gjort ei klargjering av alternativa samt gitt råd i saka. Dette temaet er nok vurdert av 3 partskontroll, samt signal frå fleire faglige hold i den bransjen som har erfaring med badelandbygg. Vi hadde også ei reise til Drammensbadet for å lytte til erfaringane dei hadde med entreprisform, og påpeikte viktigeita av forprosjektering, detaljprosjektering. Denne påvirka også vårt val av entreprisform. Roger Myklebust, Stig Remøy og Arnulf Goksøyr var med på dette besøket."

9.1.4 Entrepriseformer

I rapporten frå Sweco om forprosjektet av juni 2011 vart også mogelege entrepriseformer gjennomgått. Hovudalternativa var Totalentreprise og Utførelsesentreprise. Ved totalentreprise vert alt ansvar for prosjektering og bygging plassert på entreprenøren. Utførelsesesentrepriser er entrepriseformer der byggherren er ansvarleg for prosjektering og å gi entreprenøren nødvendige utrekningar, teikningar og beskrivingar. Generalentreprise er ei form for utførelsesentreprise, men entreprenøren administrerar underentreprenørar. Byggherren er ansvarlig for detaljprosjektering og oppfølging under bygging.

Sweco drøftar i sin rapport av 09.06.2011 fordelar og ulemper med dei ulike entrepriseformene og anbefalar at ein i dette tilfellet nyttar Generalentreprise. Vi gjengir nedanfor heile konklusjonen til Sweco:

"Totalentreprise har sannsynligvis de høyeste prosjektkostnadene. Entreprenøren overtar gjennomføringsansvaret og påtar seg ansvaret for prosjekteringen. Byggherren får et enkelt prosjekt å følge opp. Det er imidlertid sannsynlig at entreprenøren ikke har nødvendig eller relevant prosjekteringskompetanse.

Entrepriseformen Byggherrestyrte Entrepriser og Hovedentrepriser har sannsynligvis de laveste prosjektkostnadene. De krever mye oppfølging og legger et tyngende koordineringsansvar på byggherren.

Generalentreprise medfører at byggherren har kontroll med og ansvar for prosjekteringen. Byggherren får et overkommelig koordinerings- og oppfølgingsansvar. Entrepriseformen sikrer at prosjekteringen blir utført av de som kan det best.

Totalentreprise og Generalentreprise er de to kontraktsformene som vi mener Herøy Varmtvassbasseng AS har resurser og kompetanse til å følge opp. Vi tror at de to entrepriseformene skiller seg lite ut i forhold til prosjekt/investeringskostnader. Forskjellen ligger i at vi mener Generalentreprise er en bedre garanti for riktig kvalitet for et badeland som møter brukernes og eiernes forventninger, også etter garantiperioden."

Styret har i møte 15. juni 2011 sak 44/11 gått gjennom prosjektet der også entreprisform er omhandla. Vedtaket er at styret sluttar seg til hovudtrekka i saka, og ber om at det vert lagt til grunn i det vidare arbeidet. Det er ikkje skrive direkte, men slik vi les det har her styret godkjend at ein nyttar generalentreprise.

Frå styrereferatet kan vi ikkje sjå at andre konsulentar har rådgitt styret eller vurdert rådet frå Sweco vedrørande val av entreprisform, men opplysingane vi har fått, og som er

inntatt ovanfor viser at fleire konsulentar hadde kome med innspel. Det kan likevel virke uheldig at dette valet ikkje vart gjort som eiga sak i styret og alternativa kom fram. Sweco, som anbefalte generalentreprise vil sjølve bli ein naturleg leverandør av prosjekteringstenester ved val av Generalentreprise og Sweco er derfor i ein slik situasjon ikkje ein fullt ut uavhengig part.

9.2 Kontraktsform

I Bok 0 Generell del - Fellesbestemmelser er det i punkt 3 Kontraktsbestemmelser lagt opp til ein nyttar NS 8405 "Norsk bygge- og anleggskontrakt.

Kontraktane vi har sett viser at det er inngått kontrakten med hovudentreprenør Christie & Opsahl AS etter NS 8406 og at NS 8407 er nytta for dei andre kontraktane.

Frå SWECO får vi opplyst at dei vurderar NS 8405 til å vere betre enn NS 8406 sett ut frå byggherrens ståstad.

Vi har ikkje kjennskap til grunnen til at valet av kontraktsform vart endra.

9.3 Konsekvens av val av entreprise- og kontraktsform

Byggerekneskapen viser svært store tilleggskostnader knytt til endringar og prosjektering. Det kan sjå ut som om mange av desse kostnadane kan førast tilbake til at det er uklart kven som har ansvaret for dei ulike oppgåvene.

Det er valt ei entrepriseform som set store krav til byggherren til oppfølging og koordinering. For oss kan det sjå ut som om byggherren ikkje har hatt eller leigd inn tilstrekkelig kapasitet og fagkunnskap til å gjere dette på ein tilfredsstillande måte. Valet av entrepriseform ser dermed ut til å ha ført til store meirkostnader for prosjektet. Dette synspunktet meiner vi også vert støtta av kommentarane frå Roger Myklebust. Han skriv rett nok at resursane som byggherre set inn er viktigare enn kva entrepriseform som vart vald, men når ei krevjande entrepriseform er vald må byggherren sette inn nok resursar.

10. Samanheng mellom framdrift og betalingar

Vi har sett på rutinen for godkjenning og betaling av kostnader knytt til byggeprosjektet. Rekneskapsfører, Fokus Rekneskap AS gjer dei praktiske betalingane. Dei interne rutinen der er slik at to personar må godkjenne betalingane.

Grunnlag for betalingar er fakturaer som er attestert av prosjektleiar. Inntil 1. juli 2014 var Roger Myklebust prosjektleiar. Etter 1. juli har Hammerø & Stovik Prosjekt AS ved Solgunn Myklebust og Ola Halkjelsvik vore prosjektleiar. Etter at dei har kontrollert fakturaene vert dei sende pr mail til rekneskapskontoret. Fakturaene frå prosjektleiarane vert attesterte av styret i selskapet.

Vi har kontrollert nokre fakturaer for attestasjon og for dei kontrollerte viste det seg at rutinen fungerte som føreset. Vi har ingen indikasjonar på at dette ikkje er i orden også for andre betalingar.

11. Spelemidler

Etter som Sunnmørsbadet Fosnavåg AS er eit aksjeselskap gjeld spesielle reglar for å kunne få tilskot frå spelemidlane. Det vert stilt krav til aksjonærar og vedtektene skal vere godkjende på førehand. Slik vi ser det er dette i orden og ved søknads-handsaminga i 2014 vart det godkjent eit tilskot på 14,1 mill kr. Søknaden kom ikkje opp i prioriteringa slik at det vart utbetalt pengar dette året, men kan ved fornya søknad få utbetalt spelemidler seinare år.

Vi forstår det slik at Herøy kommune forskotterar spelemidler til anlegg som er godkjende og Sunnmørsbadet Fosnavåg AS fekk 29.04.2014 utbetalt eit forskot på 12 mill kr frå kommunen.

12. RDA-midler

Vi har frå Herøy Næringsforum ved Geir Idar Kvalsvik fått stadfest at dei har løyvd 130 mill kr av RDA-midlane til badeanlegget. Dei har også gått inn for å godkjenne omdisponering av 10 mill kr som først var disponert til uteområde. I siste finansieringsplan er alle desse midlane tatt inn. I tillegg er der medtatt kr 100 000 som vart løyvd til forprosjektet. Næringsforumet har tatt den løyvinga med i totalen på 130 mill kr, slik her er ein differanse.

13. Meirverdiavgift

I 2011 innhenta advokatfirma Øverbø Standal & Co på vegne av Sunnmørsbadet Fosnavåg AS (då med namnet Herøy Vartmtvassbasseng AS) veiledande uttale frå Skatteetaten om meirverdiavgiftsplikta. I sin uttale av 6. juni 2011 skriv Skatteetaten mellom anna:

”Skattekontoret forstår beskrivelsen av fasilitetene i anlegget slik at det omhandlede badeanlegget i Fosnavåg har en rekke ”tilleggsaktiviteter” ved siden av de ulike svømmebassengene. Skattekontoret antar følgelig at anlegget er å anse som et opplevelsessenter.

Det følger av merverdiavgiftsloven § 5-10 at det er adgangen til et opplevelsessenter som er omfattet av den reduserte satsen. Dersom ordinær inngangsbillett gir tilgang til både svømmebasseng for utøvelse av idrettsaktiviteter og øvrige opplevelser uten at det skilles mellom disse skal det beregnes 8 % merverdiavgift på inngangsbilletten.

Dersom badeanlegget tar særskilt vederlag for trening mv. i basseng er denne delen av omsetning unntatt etter merverdiavgiftsloven, jf. Merverdiavgiftsloven § 3-8 annet ledd. Det samme vil gjelde utleie av basseng eller hall til svømmeklubber mv. for trening. Badeanlegget driver i så fall delt virksomhet og må fordele inngående merverdiavgift på felleskostnader etter de alminnelige regler, jf. Merverdiavgiftsloven § 8-2.”

Vi har fått forståing av at badeanlegget ikkje skal leigast ut separat til trening, men at alle inntekter der skal kome frå inntekter som er avgiftspliktige etter den lave satsen i meirverdiavgiftslova.

Delar av nybygget skal leigast ut til treningscenter, og for den delen får selskapet ikkje frådrag for meirverdiavgift på kostnader knytt til bygging av den delen. I rekneskapsrapportane som er laga hausten 2014 har rekneskapsførar lagt til grunn at kostnadane ein ikkje vil få mva-frådrag for er 11 mill (eks mva) og det vil bli ein ekstra kostnad på prosjektet på kr 2 750 000. Når heile bygget er ferdig må dei teknisk sakkunnige gjere ei fordeling av byggjekostnadane mellom avgiftspliktig og ikkje avgiftspliktig bruk og det vert gjort ei utrekning av kor mykje av meirverdiavgifta ein ikkje får frådrag for.

14. Merknader frå selskapets revisor

14.1 Revisjonsberetning m.v.

Ernst & Young AS (EY) har vore revisor for selskapet heile den aktuelle perioden. For alle åra har det vore presisert at eigenkapitalen var tapt. I kommentar til eigenkapital-situasjonen har styret i årsmeldingane vist til at langsiktig gjeld er garantert av Herøy kommune.

I si revisormelding for 2013 datert 24. juni 2014 skriv revisor denne presiseringa:

”Vi presiserer at i forbindelse med at selskapet har under oppføring nytt badeanlegg, har vi avdekket mangler i selskapets økonomiske oppfølging, kontroll og finansiering av badeanlegget. Forholdene er rapportert i nummerert brev til styret.

Vi vil videre presisere at aksjekapitalen er tapt, og at hele investeringsbeløpet ennå ikke er finansiert. Fortsatt drift er avhengig av at slik finansiering kommer på plass. Vi viser til årsberetningen og til note 12 i årsregnskapet om manglende finansiering og fortsatt drift.

Disse forholdene har ingen betydning for vår konklusjon om regnskapet.”

For å gi eit fullstendig bilete kan vi opplyse at etter den godkjende rekneskapen for 2013 var eigenkapitalen negativ med pr 5 672 449 pr 31.12.2013. Også opplysingane i note 12 frå årsoppgjeret for 2013 datert 23. juni 2014 gir god informasjon om stillinga, so vi siterar heile noten her:

”Note 12 Manglende finansiering av nytt badeanlegg - fortsatt drift

Selskapet har ikke finansiering på hele investeringskostnaden i forhold til investeringsprognose av juni 2014. Styret arbeider med en finansieringsplan som forutsetter tilførsel av ny aksjekapital på ca kr 7 mill., utvidet lån fra Kommunalbanken på ca. kr 36 mill., samt tilførsel av ytterligere RDA-tilskudd på inntil kr 30 mill.

Ved avleggelse av årsregnskapet 2013 er ovennevnte finansieringsplan ikke på plass.

Styret er i dialog med eierne om aksjekapitalutvidelse.

Selskapet har mottatt lånetilbud fra Kommunalbanken på kr 45 mill, som også skal dekke eksisterende lån på kr 8,8 mill. Utvidet lån fra Kommunalbanken forutsetter også utvidet selvskyldnergaranti fra Herøy kommune som kommunene ennå ikke har vedtatt.

Styret har sendt søknad om ytterligere RDA-tilskudd på inntil kr 30 mill, men styret i Herøy Næringsforum har ennå ikke behandlet søknaden.

Styret forventer at finansieringsplanen kommer på plass. Fortsatt drift er derfor lagt til grunn.”

14.2 Revisjonsbrev

25. februar 2014 sende revisor eit revisjonsbrev til styret der selskapet sin økonomiske oppfølging og kontroll av nytt badeanlegg vart tatt opp. Det vart i brevet innleiingsvis tatt opp at revisor ikkje hadde fått tilsendt referat frå styremøter og informasjon om byggeprosjektet. Revisor bad om å få delta på eit styremøte og var tilstades i møtet 14.02.2014.

I punkt 3 i brevet om oppfølging og kontroll skriv revisor mellom anna dette:

"Basert på informasjonen som vi nå har mottatt og som kom frem på styremøtet 14.02.14, stiller vi spørsmål om selskapets styre har hatt og har tilstrekkelig oversikt og kontroll med oppfølgingen og kostnadsutviklingen i prosjektet.

Vi ble den 10.02.14 gjort kjent med at selskapet kun hadde hatt 3 styremøter i 2013, og ingen styremøter mellom 19.03.13 og 26.10.13. Et byggeprosjekt av denne størrelsen krever regelmessig styremøter hvor hovedfokus må være fremdrift, kostnadsoppfølging og finansiering.

På styremøtet vi deltok på, ble slik vi har oppfattet det, styredokumentasjonen ikke sendt ut i forkant, og heller ikke delt ut på styremøtet, men kun presentert via videokanon. For at styremedlemmene (og eventuelt andre som skal delta på styremøtene) skal kunne være tilfredsstillende forberedt, må styredokumentasjonen inklusive en klar agenda sendes ut til styremedlemmene i god tid før styremøtene avholdes.

Selskapet benytter Hammerø & Storvik Prosjekt AS (HSP) som innleid bygge-/prosjektleder. Slik vi har oppfattet det, har de ansvaret for byggeoppfølgingen, herunder å utarbeide kostnadsoppfølgings-rapporter ("statusrapporter") som skal fange opp og dokumentere blant annet kostnadsoverskridelser. I tillegg må styret spørre seg hvorvidt HSP har sett inn tilstrekkelige ressurser og kompetanse, eller om det er styret som ikke har stilt nødvendige krav om løpende informasjon?

Vi ble for øvrig overrasket over at HSP ikke var til stede på styremøtet 14.02.14. Siden det benyttes innleid kompetanse, bør styret sørge for at de deltar på styremøtene og redegjør for fremdrift og eventuelle overskridelser, slik at alle styremedlemmene kan stille direkte spørsmål."

I brevet tar revisor vidare opp forholdet om eventuelt for mykje frådragsført meirverdiavgift knytt til areal som ikkje vert brukt i avgiftspliktig verksemd. Det blir kommentert at selskapet sine opphavlege kalkylar og finansieringsplan av 04.01.13 ikkje ser ut til å vere oppdatert.

Det vert og peikt på at kostnadsføring av delvis sanning av det gamle badeanlegget forverra kapitalstatusjonen med fleire millionar. Det vert vist til styret si handleplikt ved tapt eigenkapital etter Aksjelova §3-5.

Brevet vart lagd fram i styremøte 14. mars og styret vedtok å prøve å etterkome dei tilrådingane som kom fram.

14.3 Kommentar

Revisor sine merknader i brev og revisjonsberetning talar for seg sjølv. Det viser eit selskap som har store problem med å styre eit stort byggeprosjekt, og som har økonomiske problem. Byggeprosjektet hadde vore på gang i fleire år i byrjinga av 2014, og selskapet ser ikkje ut til å hatt tilstrekkelig kapasitet og organisasjon til å lede og administrere prosjektet med nytt badeanlegg.

15. Kapitalutviding hausten 2014

I sak 30/14 i styremøte 4. september 2014 vedtok styret å legge fram forslag for generalforsamlinga om auke av aksjekapitalen med 7 mill kr frå kr 1 400 000 til kr 8 400 000. Kapitalutvidinga var til pari kurs og retta mot selskapet sine aksjonærar. Som grunn for utvidinga skriv styret: *"Begrunnelsen for å forhøye aksjekapitalen er*

ekstraordinære avskrivninger på bygningsmasse og at styret forventer en vekst i omsetningen som krever at selskapet har tilfredsstillende arbeidskapital til å møte veksten.”

I ekstraordinær generalforsamling 11. september 2014 vart kapitalutvidinga vedtatt og dei gamle aksjonærene teikna seg for dei nye aksjane.

Vi finn grunngevinga for kapitalutvidinga noko mangelfull, for på det tidspunktet var det klart at selskapet trengde meir midlar til å fullføre prosjektet nytt badeand. Vi ser frå finansieringsplanane at 5 mill kr av kapitalutvidinga er tenkt brukt til å finansierer badeanlegget. 2 mill kr har vi fått opplyst er sett av til å sikre drifta.

16. Oppsummering

Vi har gått gjennom styreprotokollar, rekneskap, budsjett og anna relevant informasjon for å sjå på sakshandsaminga knytt til bygging av nytt badeanlegg i Fosnavåg i regi av Sunnmørsbadet Fosnavåg AS. Vi har også hatt møter med fleire av dei sentrale personane knytt til selskapet som begge som har vore styreleiarar, Arnulf Goksøy og Bjørn Martin Aasen, tidlegare styremedlem Stig Remøy, dagleg leiar Karl Petter Sortehaug, tidlegare prosjektleiar Roger Myklebust, Ola Halkjelsvik hos Hammerø & Storvik og rekneskapsfører Stig Vestnes i Fokus Rekneskap AS. Etter at styret sende vår rapport datert 22.01.2015 til nokre sentrale personar i prosjektet har vi frå styret fått tilsendt kommentarane som vi har prøvd å ta med vår rapport der dei har direkte relevans.

Oppsummert viser vår gjennomgang dette:

- Auken av kostnadane i prosjektet i forhold til det opphavlege budsjettet kjem både frå at alle kostnader ikkje var med frå starten og av at det er gjort endringar under vegs, og som mogleg også har tilført tilleggs kvalitetar. Etter vår meining kan kostnadsauken i forhold til opphavleg budsjett delast i tre hovudområder:
 - 1) Kostnader som burde ha vore med i utgangspunktet.
 - 2) Ekstra kostnader som kom i byggeprosessen i form av tilleggsrekningar frå entreprenør, prosjekterande og andre uføresette kostnader.
 - 3) Kostnader knytt til utvikling i og endringar av prosjektet.

Vi har ikkje analysert fordelinga av endringane.

- Investeringsbudsjettet som var sett opp ved starten av prosjektet hadde ikkje greidd å få med alle kostnadane som då var medgått eller var klart ville kome. Kommunikasjonen mellom dei som hadde opplysingar og dei som førde budsjettet i pennen ser ut til å vere mangelfull.
- Styret fekk seg ikkje førelagt nytt samla kostnadsoverslag når dei opphavlege viste seg ikkje å halde. Informasjonen til styret om venta kostnadssprekk ser ut til å kome gjennom fleire enkeltsaker, men ingen samla oversikt.
- Val av kontraktsforma generalentreprise gjorde at det vart eit uklart område i snittet mellom hovudentreprenør og prosjekteringsgruppa. Dette ser ut til å ha ført til store meirkostnader. Generalentrepriser stiller store krav til oppfølging frå byggherre, og det ser ut som om ein ikkje har sett inn nok resursar til å følgje opp prosjektet på ein tilfredsstillande måte.


- Val av entreprise- og kontraktsform saman med mangelfull kommunikasjon med rekneskapsførar ser ut til å ført til at selskapet ikkje har hatt oversikt over dei totale kostnadane.
- Finansieringa av badeanlegget var ikkje heilt på plass når byggestart vart vedteken, men dei fleste momenta var på plass. Finansieringa bygde på det opphavlege investeringsbudsjettet på ca 180 mill kr. Etter som det opphavlege budsjettet etter vår meining ikkje hadde fått med alle kostnadane som var klare alt då, så var prosjektet alt i utgangspunktet underfinansiert. Når kostnadane auka etter kvart, men saka med finansieringa ikkje vart tatt opp igjen, auka underfinansieringa meir.
- Selskapets styre hadde i den kritiske fasa med prosjektering og kontraktsforhandlingar få møter og styret var lite konkret inne i sakene. Dei fleste avgjerdene vart delegert til styreleiar.
- Vi kan ikkje sjå at ansvaret for den økonomiske oppfølginga av prosjektet har vore klart avklart.
- Det verkar som om spørsmålet om kva som høyrer til Herøy kommune og kva som høyrer til Sunnmørsbadet Fosnavåg AS sitt ansvar for uteområdet ikkje var avklart.
- Forholda rundt sal av overskotsmasse har vore uklare og har ikkje ført til dei venta inntektene enno.
- Redusert frådrag for meirverdiavgift for den ikkje avgiftspliktige delen av bygget var ikkje tatt hensyn til før seint i prosessen.
- Rutinane for kontroll og attestasjon av fakturaer før utbetaling ser ut til å fungere tilfredsstillande.

Ålesund, 10. februar 2015

BDO AS



Audun Halsen
Registrert revisor/Partner



Ole Martin Sæter
Statsautorisert revisor

2 vedlegg

HERØY VARMTVASSBASSENG AS

Utarbeidet den 4.1.2013

av Stig Væstnes-Fokus Regnskap AS

Kostnadsoverslag - utviding av bassengdelen

	Beløp ekskl. mva	Levetid
Tomtekostnader		0
Hovedentreprise / prosjektering	160 000 000	50 år
Vannrøseanlegg	6 790 623	10 år
Stålbasseng gammelt	1 325 000	10 år
Sklie	900 000	10 år
Remontering gammel sklie	300 000	10 år
Rundsum Inventar med mer	1 500 000	10 år
Prisstigning / reserve	6 400 000	10 år
Påslag - tiltransportert entrepriser	1 000 000	10 år
Byggeleiar	1 500 000	10 år
Anna utstyr		0
Total investering ekskl. mva	179 715 623	
Netto investering	179 715 623	
Merverdilavgift	25% 44 928 906	
Total investering ekskl. mva	224 644 529	

Finansiering - utviding av bassengdelen

	Beløp
Tilskudd fra Næringslivet = RDA badeanlegg	90 000 000
Tilskudd fra Næringslivet = RDA uteområde	10 000 000
Refusjon av MVA	44 928 906
Tippemidler	11 700 000
Kommunale midler	35 000 000
Salg av Trim (netto)	10 000 000 NBI
Andre tilskudd, sal av masser etc.	5 000 000
Renteinntekter (RDA konto)	2 000 000
Anna ?	0
Finansiering uten lån	208 628 906
Lånebehov	16 015 623
Ekstra lån (uforutsett)	0
Nytt lån	16 015 623
Eksisterende lån (18.12.2012 = 9.207.116)	9 207 116
Samlet lån oppstart "Januar 2014"	25 222 739

Alternativt utleie

Lånekostnader/avdragsprofil:

	Avdrag år 2014	Rente %	Rentekostnad	Likviditetsbehov:
Nytt annuitetslån (kvartal) - 30 år 25,2 mill	518 100	3,10 %	775 216	
Nytt annuitetslån (kvartal) - 30 år 35,2 mill	723 694	3,10 %	1 082 841 NBI	1 293 316
Ekstrakostnad pr. år uten salg av "Trim"	205 594		307 625	1 806 535
				513 219

Restlån pr 31.12.2012

Lånekostnader/avdragsprofil:

	Restlån	Rente %	Rentekostnad år 2013
Lån 9812 Kommunekreditt	1 995 496	3,85 %	76 827
Lån 9855 Kommunekreditt	4 631 620	4,75 %	220 002
Lån 10207 Kommunekreditt	2 580 000	3,85 %	99 330
SUM	9 207 116		396 159

Jfr. bet.plan av juni 2008

Jfr. bet.plan av juni 2008

Jfr. bet.plan av juni 2008

Lån 9812 (f.t. 3,85%) og 102007 (f.t. 3,85%) -siste rentebetaling 2012.

Sunnmørsbadet Fosnavåg AS

	04.01.2013	12.01.2015	
		Forventa	
		kostnader	
Kostnadsoverslag - utviding av bassengdelen			
Tomtekostnader	Beløp ekskl. mva		Endring
	0	0	0
Entreprisekostnader			
Hovedentreprise / prosjektering	Budjettpost delt opp	142 000 000	171 906 829
Påslag - tiltransportert entrepriser		1 000 000	-1 000 000
Vannrenseanlegg BWT		6 790 623	8 716 453
Stålbasseng PoolTech		1 325 000	1 989 910
Sklie Norslide		900 000	1 860 000
Remontering gammel sklie		300 000	-300 000
Delsum		152 315 623	184 473 192
Marginer og reserve			
Prisstigning / reserve		6 400 000	7 500 000
Første driftsår			500 000
Delsum		6 400 000	8 000 000
Generelle kostnader			
Forprosjekt inkl endringer			6 931 945
3. partskontroll detaljprosjekt			991 381
Prosjektering Sweco	Budjettpost delt opp	18 000 000	21 750 653
Prosjektering SE Arkitektur			3 476 038
Byggeleiar - Herøy kommune			1 714 826
Prosjektledelse Hammerø	1 500 000	1 506 770	6 770
Byggeledelse Hammerø		3 838 490	3 838 490
Admin bistand ansatte inkl KPS		2 061 805	2 061 805
Regnskap, revisjon, SINTEF		518 000	518 000
Bilkostnader-HSP/prosjektweb		88 000	88 000
Forsikring tom okt 15		100 000	100 000
Tilknytningsavgift (Tussa)		900 000	900 000
Prosjektkostnader tidlig fase		1 657 219	1 657 219
Delsum		19 500 000	45 535 127
Spesielle kostnader			
Rundsum inventar med mer	1 500 000	1 500 000	0
Finanskostnader		500 000	500 000
Åpningsmarkering		100 000	100 000
MVA ikke fradrag treningssenter		2 750 000	2 750 000
Delsum	1 500 000	4 850 000	3 350 000
Total investering ekskl. mva		179 715 623	242 858 319
Netto investering		179 715 623	63 142 696
Meirverdiavgift	25 %	44 928 906	56 361 629
Total investering ekskl. mva		224 644 529	11 432 723
			74 575 419

Kommentarer

Kostnadene til hovedentreprisen er betydelig høyere enn opprinnelig tilbud.

Områdene prosjektering og prosjektledelse ser ut til bare i liten grad å være med i det første budsjettet

Kostnader medgått tidleg i prosessen og administrasjon er ikkje med i det første kostnadsoverslaget.

Mva vedr områder som ikke er fradrag for var ikke hensyntatt i utgangspunktet.

Oppdeling av budsjettposten hovedentreprise/prosjektering er gjort av BDO etter opplysninger fått frå Arnulf Goksøyr.

Sunnmørsbadet Fosnavåg AS

Finansiering - utviding av bassengdelen

	04.01.2013	12.01.2015	Endring
	Beløp	Forventa finansiering	
Kapitalbehov inkl mva iht budsjett	224 644 529	299 219 948	
Finansiert			
Tilskudd fra Næringslivet = RDA badeanlegg	90 000 000	90 000 000	0
Tilskudd fra Næringslivet = RDA	10 000 000	10 000 000	0
Godkjent RDA forprosjekt		100 000	100 000
Refusjon av MVA	44 928 906	56 361 629	11 432 723
Tippemidler	11 700 000	14 100 000	2 400 000
Kommunale midler	35 000 000	35 000 000	0
Salg av Trim (netto) Alternativt utleie	10 000 000		-10 000 000
Andre tilskudd, sal av masser etc.	5 000 000		-5 000 000
Renteinntekter (RDA konto)	2 000 000	4 754 764	2 754 764
Ny aksjekapital sept 2014 (vedtak 7 mill)	0	5 000 000	5 000 000
Lån frå Olympic og Havila		10 000 000	10 000 000
Lån pr 12.01.15		36 584 156	36 584 156
Sum finansiert	<u>208 628 906</u>	<u>261 900 549</u>	<u>53 271 643</u>
Venta finansiering			
Lånebehov/ lån pr 12.01.15	16 015 623		16 015 623
Salg av masser		5 000 000	-5 000 000
Innstilt godkjent RDA-søknad		30 000 000	-30 000 000
Sum venta finansiert	<u>16 015 623</u>	<u>35 000 000</u>	<u>-18 984 377</u>
SUM	<u>224 644 529</u>	<u>296 900 549</u>	
Ikkje finansiert	0	2 319 399	

Kommentarer

RDA midlar forprosjekt kr 100 000 er etter oversikt medtatt i total på 130 mill kr, så det må tas ut her.


Auke refusjon mva er ein konsekvens av høgre kostnad.

Auke tippemidler er godkjend, men utbetaling er nokre år fram i tid. Mellomfinansieres av Herøy kommune iflg ordførar.

Salg av lokaler for 10 mill kr er for tida ikkje aktuelt. Blir leigd ut.

Vedtatt kapitalauke er 7 mill kr. Rest 2 mill kr avsett til å dekke drift først år.

Inntekter fra salg av masse er ikkje komen ennå, men må følges opp.



Møre og Romsdal fylke

Fylkeshuset
6404 Molde

Saksnr
2012/594

Arkiv
Q12

Dykkar ref

Avd /sakshandsamar
UTV / JMM

Dato
09.02.2015

FV 654 SKARABAKKEN - STRAKSTILTAK - BUDSJETTVEDTAK

Viser til korrespondanse i saka.

Tiltaket gjeld breddeutviding og fortau i Skarabakken og planane er i tråd med kommunestyresak 51/12, jfr. sak 12/594. Kommunen har fått dei første skissene av prosjektet med statens vegvesen og har hatt kontakt med grunneigarar som er berørte. Så langt har det vore positive tilbakemeldingar frå grunneigarane på planane som er framlagde. Eit vidare arbeid mot grunnverv og dialog kan ta til straks ein har eit betre teikningsmaterieill frå Statens vegvesen. Kommunen ønskjer å vere med på den vidare prosessen med grunneigarane.

Tiltaket ligg inne i MR fylke sitt investeringsprogram på programområde **mindre utbetringar** med kr 18 700 000. Det er planlagt oppstart av prosjektet i 2017 med ein kostnad på kr 10 000 000. Restbeløpet ligg inne i periode 2018-23. Tiltaket har kome fram to plassar på investeringsprogrammet og står no med prioritet 4.

Administrasjonen si tilråding til ny økonomiplan frå 2015 var at kommunen burde vurdere å søkje om å forskottere prosjektet med kr 500 000 i planleggingsmidler i 2015, kr 8 200 000 i 2016. Fullfinansiering med fylket si bevilgning på kr 10 000 000 i 2017. Refusjon av kostnadar til kommunen vert då etter 2018. Tilrådinga frå administrasjonen vart vedtatt av kommunestyret i si budsjettbehandling i desember 2014.

Kommunen har ikkje pr.dato søkt om forskottering, men vil gjere det i dialog med fylkeskommunen og Statens vegvesen.

Ein ber om at fylkeskommunen kallar inn til eit oppstarsmøte.

Med helsing

Jarl Martin Møller
Utviklingsleiar

Kopi:
Statens vegvesen Region midt Fylkeshuset 6404 Molde



Statens vegvesen Region midt

Fylkeshuset
6404 Molde

Saksnr
2012/911

Arkiv
Q80

Dykkar ref

Avd /sakshandsamar
UTV / JMM

Dato
09.02.2015

FORSKOTTERING AV UNDERGANG FRØYSTADTOPPEN - BUDSJETTVEDTAK

Viser til korrespondanse i saka.

Den planlagte undergangen er lokalisert på Frøystad, Fv 654. Undergangen vert vurdert til å vere viktig med omsyn til legge til rette for ein sikker skuleveg frå dei ulike bustadområda på Frøystad og Espeset mot Einedalen skule.

I økonomiplan for Herøy kommune er Frøystadtoppen lagt inn med totalt kr 15 000 000 (kr 500 000 i 2014, kr 13 000 000 i 2015 og restløyving kr 1 500 000 i 2016)

Tiltaket ligg inne i MR fylke sitt investeringsprogram med kr 22 300 000. Det er planlagt oppstart av prosjektet i 2017 med ein kostnad på kr 4 700 000. Restbeløpet ligg inne i periode 2018-23. Tiltaket er inne på programområde **trafikktryggingstiltak** med prioritet 5.

Fylkestinget har handsama forskotteringsaka med følgjande vedtak:

Samrøystes vedtak i fylkestinget - 14.10.2013

Fylkestinget tilrår at Herøy kommune får forskottere planfri kryssing av Frøystadtoppen, i tråd med vilkår gjeve i retningslinjer for forskotering, sak T-32/10.


Tilråding frå administrasjonen i budsjettbehandlinga var at ein rådde til at det vert satt av planleggingsmidlar for prosjektet i 2015 med kr 500 000, utbygging med 18 800 000 kroner i 2016 og fullfinansiert med fylkeskommunen si bevilgning i 2017. Refusjon av kostnadar til kommunen vert då etter 2018. Tilrådinga vart vedtatt av kommunestyret desember 2014.

Ein ber om at fylkeskommunen kallar inn til eit oppstartsmøte for prosjektet.

Med helsing

Jarl Martin Møller
Utviklingsleiar

PROTOKOLL STYREMØTE 2/2015 SUNNMØRSBADET FOSNAVÅG AS.

 HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg. nr. 2015/185	Saksbeh. OJK
- 2 FEB. 2015	
Ark kode P	
Ark kode S	
J. nr.	Drk nr. 1
Kassasjon	

Dato: Torsdag 29.01.14 Kl 1500 - 1800.

Stad: Olympic Shipping, 2 etg.

Diss møtte: Bjørn Martin Aasen, Per Kyrre Kvien, Marny Berge, Tanja Rafteseth, Kåre Jensholm, Hilde Marie Brungot, Arve Moltubakk.

Dessutan møtte: Dagleg leiar Karl Petter Sortehaug.

Styremøte nr. 2/2015.

Sakliste:

Sak – 12/15: Protokoll 14.01.2015, godkjenning.

Protokoll 14.01.15 vedlagt.

Vedtak:

Protokoll styremøte 14.01.15 vert godkjendt.

Sak – 13/15: Protokoll lønsforhandling.

Protokoll frå forhandling med dagleg leiar vert lagt fram i møtet.

Vedtak:

Protokoll datert 23.01.15 frå forhandling med dagleg leiar vert godkjend.

Sak – 14/15: Rapport frå BDO "Gjennomgang av byggerekneskap og finansiering av nytt badeland i Herøy".

I ekstraordinær generalforsamling den 03.11.2014 vart det i sak 6 gjort m.a. slik protokollering:

"I drøftingene slutta generalforsamlinga seg til styret sin hovedstrategi for det vidare arbeid:

- c. Iverksette tiltak for å få oversyn over kva faktorar som ligg til grunn for den kostnadsutvikling prosjektet har fått, samt få trygghet for at alle kostnadane i prosjektet er avdekka."

Det vart den 07.11.14 signert kontrakt med revisorfirma BDO, statsautorisert revisor Ole Martin Sæter. Kontrakt vart godkjend i styremøtet 11.11.14, sak 78/14.

BDO avga rapport den 22.01.15. Rapporten vart overlevert i møte med arbeidsutvalet.

25.01.15 vart rapporten overlevert kvar einskild eigarrepresentant og til styremedlemene.

I dagens styremøtet framkom at Sæter ikkje hadde innhenta tilsvar frå nemnde og siterte personar i rapporten.

Vedtak:

1. Styret viser til rapport frå BDO v/Ole Martin Sæter "Gjennomgang av byggerekneskap og finansiering av nytt badeland i Herøy" datert 22.01.15.
2. Rapporten vert oversendt personar som er nemnde og siterte i rapporten for tilsvar. Tilsvarsfristen vert sett til 8 dagar. Før tilsvar ligg føre vert rapporten unnateke offentlegheit.
3. Det vert innkalla til ekstraordinær generalforsamling så snart råd er for formell behandling av rapporten. Styret rår til at Ole Martin Sæter vert kalla inn til den ekstraordinære generalforsamlinga.

Sak – 15/15: Låneopptak Kommunalbanken.

I sak- 5/15 pkt 3 gjorde styret slikt vedtak:

"Styret bed arbeidsutvalget vidareføre arbeidet med både den kortsiktige og langsiktige finansieringa av prosjektet. Arbeidsutvalget får, om nødvendig, fullmakt å inngå kortsiktig låneavtale med aksjonærane for å sikre selskapet nødvendig likviditet. Styret bed og arbeidsutvalet vidareføre arbeidet med ein søknad om utvida låneramme i Kommunalbanken med utvida kommunal garanti. Slik søknad skal ikkje sendast før eigarmøtet har drøfta selskapet sin situasjon."

Søknad har vore sendt Kommunalbanken som i utgangspunktet stiller seg positiv under føresetnad av at det m.a. vert stillt utvida kommunal lånegaranti.

Vedtak:

1. Styret bed og arbeidsutvalet vidareføre arbeidet med ein søknad om utvida låneramme i Kommunalbanken på inntil 20 mill. med nedbetalingstid inntil 25 år, sikra med utvida kommunal garanti. Slik søknad om garanti skal ikkje sendast før eigarmøtet har drøfta selskapet sin situasjon.
2. Styret gir fullmakt til arbeidsutvalet til å akseptere endelige lånebetingelser, samt velje bank.
3. Styret vil på eigarmøtet 30.01.15 legge fram ein oversyn over alternative finansieringsmåtar med sikte på drøfting med eigarane.

Sak - 16/15: Neste møte.

Vedtak:

Neste møte vert fastsett til torsdag 12.02.15 kl 1415, Olympic shipping.

Bjørn Martin Aasen

Arve Moltubakk

Per Kyrre Kvien

Tanja Rafteseth

Kåre Jensholm

Marny Berge

Hilde Marie Brungot

Karl Petter Sortehaug